



Luster kommune



Tilstandsrapport for Oppvekst i Luster kommune 2019

Lagt fram:

2020



Innhold

1. Føreord	2
2. Utviklingsarbeid i grunnskulen	3
3. Tema: Fagkompetanse i grunnskule	8
4. Barnehage	9
5. Skule – Hovudområde og indikatorar	12
5.1. Elevar og undervisningspersonale	12
5.1.1. Lærartettleik.....	12
5.1.2. Talet på elevar og lærarårsverk.....	13
5.2. Læringsmiljø	14
5.2.1. Elevundersøkinga	14
5.2.2. Del elevar som har opplevd mobbing 2-3 gonger i måneden eller oftare (prosent).....	17
5.3. Resultat	18
5.3.1. Nasjonale prøvar 5. steget.....	18
5.3.2. Nasjonale prøvar ungdomssteg	22
5.3.3. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk	25
5.3.4. Grunnskulepoeng	27
5.3.5. Grunnskulepoeng kommunane i Sogn og Fjordane.....	28
6. Skulebidragsindikator	30
7. Gjennomføring	30
7.1.1. Overgang frå grunnskule til VGO	30
7.1.2. Fullført og bestått Vg1 i perioden 2011-2015	30
8. Spesialundervising	33
9. System for oppfølging (internkontroll)	36
10. Vedlegg – presentasjon av einingane	
Gaupne barnehage	37
Gamlestova barnehage og avdeling Veitastrand.....	39
Hafslo barnehage.....	41
Solvorn oppvekstsenter avdeling barnehage.....	43
Indre Hafslo oppvekstsenter avdeling barnehage.....	45
Jostedal oppvekstsenter avdeling barnehage.....	47
Luster oppvekstsenter avdeling barnehage.....	49
Skjolden oppvekstsenter avdeling barnehage.....	51
Hafslo barne- og ungdomsskule.....	53
Gaupne skule.....	55
Luster ungdomsskule.....	57
Solvorn oppvekstsenter	59
Indre Hafslo oppvekstsenter	61
Jostedal oppvekstsenter.....	63
Luster oppvekstsenter	65
Skjolden oppvekstsenter	67
Veitastrand skule.....	69

1. Føreord

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skuleeigar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Rapporten om tilstanden (tilstandsrapporten) i opplæringa skal ha med læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. kommunestyret (jamfør opplæringslova § 13-10 andre ledd).

Skuleåret 2019/20 har Luster kommune hatt desse skuleeiningane: Hafslo barne- og ungdomsskule, Gaupne skule, Luster ungdomsskule, Jostedal oppvekstsenter, Luster oppvekstsenter, Skjolden oppvekstsenter, Indre Hafslo oppvekstsenter, Solvorn oppvekstsenter og Veitastrond skule. Veitastrond skule og Hafslo barne- og ungdomsskule har sams rektor. Kvar av dei fem oppvekstsentra har ei barnehageavdeling. I tillegg er det tre eigne barnehagar; Hafslo, Gamlestova og Gaupne. Barnehageavdelinga på Veitastrond vert administrert frå Gamlestova barnehage.

Tilstandsrapporten for 2019 inneheld eit kort kapittel om utviklingsarbeid i skulen og om vidareutdanning og kompetansesituasjonen i lustraskulen. I tillegg er det med ei beskriving av same tema i barnehagesektoren. Barnehage og skule har dei to siste åra hatt felles fokus med satsing på inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBOS) og deltaking i den nasjonale satsinga på området. I barnehagane held dette fram som hovudfokus gjennom samarbeidet med STYD kommunikasjon om psykisk helsefremjande barnehagar. For skulen vil det faglege hovudfokuset i 2020 dreia seg om innføringa av nytt nasjonalt læreplanverk – fagfornyinga – som gradvis vert gjort gjeldande frå skulestart august 2020.

På same måte som i dei to føregåande tilstandsrapportane er det i årets rapport med ein vedleggsdel der kvar barnehage og skule i Luster presenterer seg sjølv med sentrale fakta, døme på utviklingsarbeid / kompetanseutvikling og ei praksisforteljing.

Barnehagane og skulane er aktivt deltakande i utviklingsarbeid, dei tilsette deltek i nettverk både lokalt og regionalt, kommunen har i tillegg dyktige ressurspersonar som bidreg til at det er framgang og retning i utviklingsarbeidet vårt.

Eg vil gje ros til det arbeidet som vert drive i kvar av einingane for å følgja opp nasjonale og lokale satsingar og for å gje barn- og ungdom i Luster gode lærings- og oppvekstvilkår.



Knut Åge Teigen
kommunalsjef oppvekst

2. Utviklingsarbeid i grunnskulen

Kalendaråret 2019 har for lustraskulen vore prega av utviklingsarbeid innan fleire område, m.a.:

- Andre og siste år i den nasjonale satsinga *Inkluderande barnehage- og skulemiljø* (IBOS), pulje 2 – barnehage og skule
- Avslutning av Erasmus+prosjektet *RECEPTION* 2016-19 – oppvekstsentra saman med fem europeiske partnarar, tema kvalitet i begynnarpplæringa og overgangen barnehage-skule. Luster var vertskap for siste samling i prosjektet.
- Oppstart av det treårige Erasmus+prosjektet *STEAMING* 2019-2022 der dei tre store skulane i kommunen deltek. Tema er teknologi, matematikk, naturfag, matematikk og kunst og handverk og koplingar mellom desse områda.
- Framhald av *språkkommuneprosjektet* i form av kommunale fagnettverk våren 2019 i tillegg til fagdag med Skrivesenteret og utarbeiding av kommunal språkplan
- Førebuing til *fagfornyninga*; det nye læreplanverket for grunnskulen som gradvis vert innført frå skulestart 2020

Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBOS)

Saman med dei andre sognekommunane deltek Luster i det nasjonale prosjektet *Inkluderande barnehage- og skulemiljø*, forkorta til IBOS. Dette er ei toårig satsing (2018 og 2019) der kommunane forpliktar seg til kompetanseheving for dei tilsette på tema som inkludering, læringsmiljø, førebygging og handtering av mobbing og krenkingar, handtering av regelverket og aktivitetsplikta definert i kapittel 9A i opplæringslova.

Som styringsdokument for prosjektet er det utarbeidd både ein regional plan for IBOS og ein kommunal plan som gjeld både skule og barnehage. Hovudmålet for Luster har vore «*Å vera med og å høyra til*». Gjennom prosjektet har det vore arrangert regional fagsamling vår og haust i samarbeid med Læringsmiljøsenderet i Stavanger i tillegg til at IBOS-relevante tema har vore på dagsorden på regional planleggingsdag for lærararane august 2019 og på regional leiarsamling for skuleleiarar september 2019. Forutan dette har IBOS vore eit gjennomgåande tema i utviklingstida til skulane og på rektormøta i kommunen.

Alt før kommunen gjekk inn i IBOS-prosjektet var det etablert eit kommunalt skulemiljønettverk med rektorar og lærarar frå kvar skule. Nettverket som treffest 2-3 gonger kvart skuleår vert vidareført også etter at den formelle IBOS-perioden er over. Tre av oppvekstsentra i Luster vil i 2019/20 også delta i prosjektet *KLAPP* i samarbeid med Sogn regionråd. KLAPP står for Kompetanseheving i lærarane sitt arbeid med positiv helse og læringsmiljø.

I sluttrapporten til Utdanningsdirektoratet vart det spurd om hovudmål som har hatt høg grad av måloppnåing og kva som kan forklara dette. Svaret på dette spørsmålet var:

Hovudmåla som har hatt høg grad av måloppnåing jamt over på einingane er:

- Kompetanseheving kapittel 9A*
- Vaksenrolla og relasjonsbygging*
- Observasjon og tiltak*

Kapittel 9A har hatt stort fokus på nasjonale samlingar, kommunalt og også frå Fylkesmannen. Nokre skular har også arbeidd mykje med enkeltsaker, ein skule og kommunen har hatt tilsyn frå FM i prosjektperioden. Det lokale skulemiljønettverket har også jobba ein del med konkrete case. Her er det fleire faktorar som gjer at særleg kunnskap om 9A har festa seg i organisasjonen.

Observasjon og tiltak var trekt fram av skulane sjølv som eit område det var trong for kompetanseheving på. Mange av skulane har arbeidd systematisk med t.d. Innblikk-metodikken om observasjon frå Læringsmiljøsenderet / Tove Flach. Observasjon og tiltak vart også tidleg peika på som eit temaområde i dei regionale nettverkssamlingane.

Vaksenrolla og relasjonsbygging er eit tema som har stor tyding, så det har mange av einingane arbeidd mykje med og opplever at dei har kome lengre på i løpet av prosjektperioden. Dette har også vore oppe både nasjonalt, regionalt og kommunalt, slik at også her er det ein samspelseffekt.

Språkkommune

Prosjektperioden for den nasjonale toårige satsinga språkkommune vart avslutta i desember 2018. Våren 2019 heldt arbeidet lokalt fram med kommunale fagnettverk for lærarane og fagdag arrangert saman med Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning (Skrivesenteret). Arbeidet med dei kommunale fagnettverka vart drive av gruppa med ressurslærarar som også utarbeidde ein kommunal språkplan for skule og barnehage som erstattar den tidlegare kommunale leseplanen. Kommunal språkplan vart gjort gjeldande frå skule- og barnehagestart 2019.



RECEPTION – Erasmus+

I perioden 2016–19 deltok dei fem oppvekstsentra i Luster i eit treårig Erasmus+prosjekt saman med partnerar frå Danmark, Island, Kroatia, Hellas og Irland med temaet kvalitet i begynnaropplæringa (Early Years Education) og overgangen barnehage-skule. Luster var vertskap for siste samling/kurs i prosjektet. Evalueringa frå det irske nasjonale kontoret var at prosjektet hadde vore vellukka og sluttrapporten fekk toppskår. Gjennom prosjektet vart det halde fem-dagars-lærarkurs hjå kvar av partnerane, det vart laga ei handbok for lærarar basert på såkalla case studies frå kvar partner og det vart arrangert to opne lærarkurs i høvesvis Hellas og Kroatia. Saman med Oppvekst og elevbedrifta ved medium og kommunikasjon Sogndal vgs laga oppvekstsentra videofilm som synte fram overgangen barnehage-skule ved sentra: <https://vimeo.com/292317801>

Hospitering County Clare, Irland – Erasmus+

Sist i september var ein delegasjon på 10 rektorar/styrarar/ass.styrarar og Oppvekst på tre-dagars-hospitering (job shadowing) i County Clare på vestkysten av Irland. Vertskap var Clare Education Centre som Luster har fått eit nært kjennskap til etter deltaking i RECEPTION-prosjektet i 2016–19. Hospiteringa er støtta økonomisk gjennom Erasmus+-ordninga etter søknad til Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (DIKU).



Skule- og barnehageleiarar frå Luster på hospitering ved Clare Education Centre. Bak f.v. rektor Sharon Dilger, Linda Midtun (Gamlestova), Ellen Havellen (Skjolden), Eli M. Moen (Luster), Lena S. Bolstad (Luster), Grete Marie S. Solvi (Solvorn), Hilde H. Selland (HBUS), Vegar Volle (Indre Hafslo), Linda Ø. Røhme (Gaupne), Oddbjørg Ese (Oppvekst), Ines Kruselj-Vidas (hospitering frå Kroatia), kurshaldar Marina O`Grady. Framme f.v. leiar av ped.senteret Ray McInerney, Knut Åge Teigen (Oppvekst).

Det irske vertskapet hadde lagt opp til eit tettpakka program med forelesingar om lese- og skriveopplæringprogrammet «Literacy Lift Off» og om Aistear – rammeplanen for dei yngste barna med vekt på lek som arbeidsmåte – og vitjing på skular der lustragjengen fekk sjå desse programma demonstrert i praksis i tillegg til andre undervisningsopplegg og samtalar med lærarar og rektor. På dei fleste skulane hadde også elevane førebudd musikalske og kulturelle innslag for dei norske gjestene.



Foredrag om korleis strukturert leik i rammeplanen Aistear.



Halloween er tema for leiken og språkstimulering for these young learners. Ein av totalt fem stasjonar i klasserommet der elevane får øvd på ulike ferdigheiter med leik som utgangspunkt.

Lustragjengen fekk sjå skular av ulike slag og storleikar; alt frå flunkande ny skule med tipp topp utstyr og møblement av alt slag til aldersblanda skule ute på landet med peis i klasserommet og skulepultar som minst var 30 år gamle. Overalt var det ei velviljug og hjarteleg mottaking.

Når leiargruppa frå Luster oppsummerte erfaringane frå hospiteringa så dukka følgjande refleksjonar opp: kulturarven, musikk og song var sterkt til stades på skulane, dei irske lærarane var flinke til å synleggjere arbeidet og produkta til elevane ved å henga dei opp på veggane eller stilla dei ut, veldig strukturert matematikkopplæring med stasjonsundervisning og auka lærartettleik, dei la til rette for strukturert temabasert leik for dei yngste med faste oppgåver og stasjonar, lærarane var tydelege og varme klasseleiarar, elevane var well-behaved – noko som er naudsynt når du har store elevgrupper.

STEAMING – Erasmus+

I 2019 vart eit større Erasmus+-prosjekt avslutta og eit nytt treårig prosjekt starta opp. STEAMING er prosjekttittelen på det nye Erasmus+prosjektet som kom gjennom nålauget i det krevjande søknadssystemet til EU. Fleire av partnerane frå førre prosjekt deltek også i dette prosjektet; Kroatia, Hellas og Irland ved Clare Education Centre og Department of STEM Education ved lærarskulen Mary Immaculate College. Ny partner er Portugal med tre skular frå Almada, ein kommune nær Lisboa. Frå Luster deltek denne gongen dei tre største skulane; Hafslo barne- og ungdomsskule, Gaupne skule og Luster ungdomsskule med Oppvekst som lokal koordinator.

Tema er STEAM, ei forkorting for **S**cience **T**echnology **E**ngineering **A**rt **M**athematics. Dette er ein arbeidsmåte som har lengre tradisjon i England og USA enn i Noreg, men det dreier seg om å arbeida utforskande, problembasert og skapande i fagfeltet teknologi, realfag og kunst og handverk. Dette prosjektet passar godt med innføringa av det nye læreplanverket fagfornyninga frå hausten 2020 der det vert framheva at

elevane skal vera meir utforskande og at undervisninga skal vera meir variert, praktisk og relevant. Føremålet er å skapa meir motivasjon for læring hjå elevane.

Oppstartsamlinga i prosjektet vart halde i County Clare i Irland i november 2019. Frå Luster deltok fem lærarar frå dei tre partnerskulane i Luster og kommunalsjef oppvekst. Det er eit tettpakka program med fem-dagar-lærarkurs, mykje praktiske øvingar og demonstrasjon, foredrag og skulevitjingar i tillegg til kulturelt program på ettermiddagane.

På same måte som i RECEPTION-prosjektet skal kvar partner gjennomføra ein case study undervegs i prosjektperioden, dokumentera denne gjennom skriftleg rapport og film, det vert lærarkurs og samlingar hjå kvar partner, det vert utvikla ei handbok til bruk på to opne lærarkurs som partnerane arrangerer i tillegg til samlingane. I utgangspunktet skulle Luster vera vertskap for lærarkurset og samlinga i juni 2020, men koronakrisa kom i vegen for denne samlinga.



Deltakarane på første lærarkurset/samlinga i STEAMING



Lustralærarane i gang med engasjert problemløysing.

Andre satsingar

- Skuleåret 2019/20 er Dagfinn Hovland tilsett som 20 % ressurslærar i begynnaropplæring; hovudoppgåver er rettleiing og fagleg samtalepartner for einskildlærarar eller 1.-4. trinns team, regionalt fagkurs, innlegg foreldremøte
- Luster kommune har fått innvilga midlar til rettleiing av nyutdanna lærarar 2019/20. I tillegg til rettleiing ved eininga vert det arrangert fire kursøker á 3 timar for nyutdanna lærarar med tema som klasseleiing, nynorsk som opplæringsmål, heim-skule-samarbeid, relasjonsbygging, case-diskusjonar m.m. Dagfinn Hovland har fungert som kurskoordinator som del av ressurslærarstillinga si.
- Gaupne skule og Skjolden oppvekstsenter har sidan 2019 delteke i prosjektet Den naturlege skulesekken koordinert av Naturfagsenteret
- Luster ungdomsskule har sidan 2019 delteke i ordninga Lektor2 – samarbeid med arbeidslivet om undervisning i realfag. Også denne ordninga er koordinert av Naturfagsenteret
- Hafslo barne- og ungdomsskule, Gaupne skule og Indre Hafslo oppvekstsenter er i 2019/20 med på satsinga om gratis programmeringsutstyr og gratis lærarkurs gjennom Den teknologiske skulesekken og ViLVite-senteret i Bergen
- Hafslo barne- og ungdomsskule er vinteren 2020 utnemnd til såkalla lærarutdanningskule, den einaste i S. & Fj. saman med Leikanger ungd. skule.

3. Tema: Fagkompetanse i grunnskulen

For å undervisa i grunnskulen gjeld det eigne nasjonale kompetansekrav. På barne- steget er det krav om at lærarar har 30 studiepoeng i basisfaga norsk, engelsk og matematikk. I dei andre faga er det ikkje formelt krav om undervisningskompetanse.

På ungdomssteget er det krav om 60 studiepoeng i dei tre basisfaga og 30 studiepoeng i dei andre undervisningsfaga. I valfaga, arbeidslivsfag og utdanningsval er det ikkje krav om relevante studiepoeng.

Fram til 1. august 2025 gjeld ein generell dispensasjon om relevant kompetanse i undervisningsfaga. Dette inneber at kommunane fram til 2025 må syta for at lærarane tek vidareutdanning slik at kompetansekrava er oppfylte når dispensasjonen opphøyrer ved skulestart 2025/26.

Oversikt over formell vidareutdanning 2018/19 og vidareutdanning 2019/20:

2018/19	2019/20
<ul style="list-style-type: none">- Matematikk 1.-7. trinn (3 lærarar)- Engelsk 1.-7. trinn (1 lærar)- Andrespråkspedagogikk (2 lærarar)- Mat og helse (1 lærar)- Samfunnsfag (1 lærar)- Kunst & handverk (1 lærarspesialist)	<ul style="list-style-type: none">- Matematikk 1.-7. trinn (1 lærar)- Matematikk 5.-10. trinn (1 lærar)- Engelsk 1.-7. trinn (2 lærarar)- Norsk 1.-7. trinn (1 lærar)- Andrespråkspedagogikk (1 lærar)- Musikk 1.-10. trinn (1 lærar)- Spesialpedagogikk (1 lærar)- Programmering 5.-10. trinn (1 lærar)- Kunst & handverk (1 lærarspesialist)

Skuleeigar si vurdering

Kartlegging av fagkompetansen i grunnskulen syner at skulane i Luster jamt over er godt stilte når det gjeld formelle krav til fagkompetanse. Dei store skulane har noko betre fagdekning enn dei mindre skulane i kommunen. Det vert i veldig liten grad nytta lærarkrefter som ikkje oppfyller kompetansekrava til tilsetjing, jf. registrering i Grunnskolenes Informasjonssystem.

Dei seinare åra har det vore mange lærarar som har teke vidareutdanning gjennom Utdanningsdirektoratet si ordning *Kompetanse for kvalitet*. Det er særleg basisfaga norsk, engelsk og matematikk det har vorte satsa på. Årsaken er dei formelle kompetansekrava til lærarar som skal undervisa i desse faga. Engelsk har tradisjonelt vore det faget som har kome dårlegast ut i kompetansesamanheng, men vidareutdanning har betra situasjonen monaleg. Sidan 2016 har til saman ni lærarar teke 30 studiepoeng vidareutdanning i engelsk (7 lærarar på barneskulen, 2 på ungdomssteget).

Eit anna område der det tidlegare har skorta på formell fagkompetanse er norsk som andrespråk (andrespråkspedagogikk). Etter inneverande skuleår vil tre lærarar ha fullført formell vidareutdanning på dette viktige feltet.

Elles er det viktig med fagleg breidde. Difor er det også gledeleg – og ønskeleg – at lærar til dømes tek vidareutdanning i praktisk-estetiske fag og innan IKT eller programmering. Utdanningsdirektoratet tilbyr også ei toårig vidareutdanning innafor ei ordning som vert kalla lærarspesialist. Luster kommune har ein kandidat inne i ordninga så langt, kunst og handverk, og to søknadar inne for komande skuleår – 2020/21.

4. Barnehage

Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBOS)

I 2018 og 2019 deltok Luster kommune saman med dei andre kommunane i Sogn i det nasjonale prosjektet Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBOS). I samband med prosjektet var det vår og haust 2019 både regionalt og kommunalt nettverk / fagøktar som bidrog til kompetanseheving for dei tilsette på dette området.

Regionalt har Sogn hatt avtale med Læringsmiljøsentret i Stavanger som har hatt fagøktar på regionale samlingar vår og haust, på den regionale barnehage- og skuleleiarsamlinga september 2019 og på eigen fagdag for barnehagane i Sogn oktober 2019. På fagdagen for barnehagane var tema robustheit og livsmeistring med vekt på barnesamtalar, fellesskap – inkludering og venskap, personalet si rolle i risikofyllt leik og arbeid med regional handlingsplan for arbeid med inkluderande barnehagemiljø utan mobbing og andre krenkingar. Den sistnemnde regionale handlingsplanen vart ferdigstilt januar 2020.

COS (Circle of Security)

Dei to siste åra har barnehagane i Luster saman med helsestasjonen delteke i eit kompetansehevande prosjekt om COS-modellen (tryggleikssirkelen), ein tilknytingsmodell om korleis barn knyter seg til vaksne. Til no er 19 barnehagetilsette fordelt på barnehagane i kommunen vorten sertifiserte til å kunne ha rådgjevingskurs for foreldre. Det er halde fleire kurs i 2019, og nye foreldrerådgjevingskurs er planlagt i 2020. Dette er eit lågterskeltilbod for føresette, og prosjektet er støtta økonomisk av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. Kursa fram til no har hatt stor oppslutnad, og foreldra si attendemelding er kursa er meningsfulle og gjevande.

Barnehagane erfarar også at COS-metodikken / tankegangen også gjev god resonans og er nyttig i det interne arbeidet med inkluderande barnehagemiljø, vaksenrolla og korleis vera trygge vaksne for barnehagebarna.

Psykisk helsefremjande barnehagar

Våren 2019 innleidde Oppvekst eit samarbeid med STYD kommunikasjon ved Line Melvold om psykisk helsefremjande barnehagar. STYD kommunikasjon har hatt gåande eit forskingsprosjekt i tre år som no lustrabarnehagane vert ein del av.

Samarbeidet mellom lustrabarnehagane og STYD har to hovuddelar:

- 1) Digital handbok. Eit hjelpemiddel for styrarane om korleis arbeida systematisk med psykisk helsefremjande barnehagar og dokumentasjon av dette arbeidet. Det er åtte hovudområde i arbeidet. Alle barnehagane startar å arbeida med temaet juridiske rammer som dreier seg om barn sine rettar etter barnekonvensjonen. I tillegg har barnehagane i Luster prioritert å arbeida med leikemiljøet.
- 2) Kompetanseheving for tilsette når det gjeld det fysiske leikemiljøet og barna sine mulegheiter til leik og læring. Dette inneber både kurs og synfaringar i alle barnehagar i tillegg til to opne foreldremøte om psykisk helse, leik og læring hausten 2019.



Line og Lene frå STYD tek terskeltesten i Gamlestova barnehage og diskuterer med styrar Per Rune og pedagogisk leiar Inger Helene. Terskeltesten er å sjå rommet frå barnet si høgd; inviterer rommet til leik?

I vedleggsdelen til denne rapporten har fleire av barnehagane delt praksishistorier og bilete frå arbeidet med leikemiljøet.

I 2019 er det sett søkelys på leiken sin sentrale betydning i barna sine liv, deira rett til medverknad og fri leik. For barna er leiken altoppslukande og naudsynt. Leiken er rett og slett viktig for at barna skal leve gode liv. Det er også gjennom leiken at barna lærer og utviklar seg. Gjennom leiken opparbeider dei kompetanse for framtidig liv og virke. Ved å leggja til rette for leikemiljø som inviterer til fantasi, skaparglede, kreativitet og moro kan barnehagen legge eit grunnlag for at barna få utvikla og utfalda seg.

Oppvekst si erfaring er at samarbeidet med STYD og satsinga på psykisk helsefremjande barnehagar har vorte teke godt imot av personalet og at prosjektet sjølv etter såpass kort tid har gjeve synlege resultat; til dømes ved at barnehagane opplever at barna leiker på ein annan måte. Dette kjem også til uttrykk i fleire av barnehagane sine skildringar og presentasjonar i vedlegget til denne tilstandsrapporten. I tillegg har det vore viktig at prosjektet femnar om alle barnehagane og gjev alle barnehagetilsette i kommunen ei felles referanseramme. Det er tildelt 10 % stilling som lokal ressursperson for å følgja opp arbeidet med psykisk helsefremjande barnehagar i barnehageåret 2019/20.

ACT Now

Gaupne barnehage deltek barnehageåret 2019/20 i ACT Now, eit stort forskingsprosjekt drive av Høgskulen på Vestlandet (HVL) om samanhengen mellom fysisk aktivitet og læring hjå dei eldste barnehagebarna. Fleire tilsette får tilbod om kompetanseheving i form av samlingar hjå HVL. Hausten 2020 vil fleire barnehagar i Luster få tilbod om å vera med på neste runde av prosjektet.

Språkplan for barnehage og skule

Gjennom språkkommunesatsinga 2017 og 2018 har alle barnehagane aktivt nytta ressursen *Språkløyper* i den interne kompetansehevinga. Det faglege fokuset har vore mellom anna kvardagsspråk, den vaksne som språkleg rollemodell, språkvanskar og overgangen barnehage-skule. Våren 2019 vart det utarbeidd ein kommunal språkplan for barnehagane og skulane i Luster som erstattar den tidlegare kommunale leseplanen. For barnehage og området «Den gode lesaren» er til dømes desse kjenneteikn på god praksis ført opp:

Ferdigheit:	Kjenneteikn på god praksis:
Den gode lesaren	<p>Dei vaksne</p> <ul style="list-style-type: none"> ✓ legg til rette for varierte og alderstilpassa leseaktivitetar, til dømes lesegrupper og dialogisk lesing ✓ gjev jamleg barna felles leseopplevingar gjennom høgtlesing og samtalar om teksten ✓ varierer mellom spontane og planlagde / tilrettelagde høgtlesingsstunder. For å styrka den språklege identiteten bør høgtlesinga vanlegvis vera på dialekt eller nynorsk ✓ syt for at alle barn jamleg vert lesne for <p>Barna</p> <ul style="list-style-type: none"> ✓ har lett tilgang til bøker og andre tekstar ✓ opplever glede av å verta lesne for og å sjå i bøker på eiga hand ✓ får erfaring med lesing i ulike former og på ulike arenaer



Luster bibliotek og Oppvekst har hatt samarbeid om Barnetime – lesestund med leseledar Dag Tore Dysvik siste onsdagen i månaden i 2019. Her er det tilsette og barn frå Gaupne barnehage som kosar seg i Lesekroken på biblioteket.

Andre satsingsområde

Sju av barnehagane i Luster fekk i 2019 innvilga tilskot frå Fylkesmannen til symjeopplæring for dei eldste barna i barnehagen. Dette er også eit tiltak som blir vidareført i 2020.

Alle barnehagane deltek elles i dei sju regionale fagnettverka for barnehage med regelmessige samlingar. Luster har i fleire år hatt ansvar for å drifta nettverket Etikk, religion og filosofi.

5. Hovudområde og indikatorar

5.1. Elevar og undervisningspersonale

5.1.1. Lærartettleik

Lærartettleik 1.-7. steget og 8.-10. steget

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 1.- 7. steget ned på skulenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

Lærartettleik i ordinær undervisning

Lærartettleik i ordinær undervisning er ein indikasjon på tal på elevar per lærar i ordinær undervisning der ressursar til spesialundervisning og undervisning i særskild språkopplæring ikkje vert medrekna. I andre samanhengar vert dette målet kalla gruppestorlek 2. Mål på lærartettleik er hefta med noko usikkerheit då kommunar kan ha ulik praksis for føring av lærarressursar.

Frå og med skuleåret 2019/20 er gruppestorlek 2 (norm for lærartettleik i ordinær undervisning) på skulenivå sett til 15 elevar på 1.-4. trinn og 20 elevar på 5.-7. trinn og 8.-10. trinn.

Lærartettleik 1.-4. trinn, 5.-7. trinn, 8.-10. trinn 2018/19 og 2019/20

Eining	1.-4. trinn		5.-7. trinn		8.-10. trinn	
	18/19	19/20	18/19	19/20	18/19	19/20
Hafslo	16,1	12,7	15,6	17,6	11,8	13,8
Gaupne	10,9	11,9	16,6	14,4		
LUS					16,8	14,3
Luster	8,2	9,1	15,1	15,4		
Indre Hafslo	6,4	5,5	10,9	9,9		
Skjolden	6,0	8,2	10,4	8,8		
Solvorn	8,5	9,7	6,3	6,5		
Jostedal	7,6	6,1	14,0	9,8		
Veitastrond	6,6	5,3	5,9	3,9		
Nasjonalt normal		15		20		20

Kjelde: Utdanningsdirektoratet/GSI

Utvikling og samanlikning lærartettleik 2015–2019 kommunenivå

Luster kommune	2015/16	2016/17	2017/18	2018/19	2019/20
Lærartettleik 1.-7. trinn	8,9	9,0	8,5	9,1	8,8
<i>Landssnitt</i>	13,4	13,4	13,0	12,8	12,5
Lærartettleik 8.-10. trinn	10,4	8,1	10,0	10,1	9,0
<i>Landssnitt</i>	14,2	14,2	14,4	14,3	14,1
Lærartettleik i ordinær undervisning 1.-4. trinn				10,1	9,8
<i>Landssnitt</i>				14,8	14,0
Lærartettleik i ordinær undervisning 5.-7. trinn				13,8	13,0
<i>Landssnitt</i>				16,8	16,6
Lærartettleik i ordinær undervisning 8.-10. trinn				14,5	14,1
<i>Landssnitt</i>				18,3	18,0

Skuleeigar si vurdering

Lærartettleik vert i GSI rekna ut etter den såkalla gruppestorleik 2. Gruppestorleik 2 vert rekna ut på bakgrunn av samla tal elevtimar minus timetal for spesialundervisning og særskilt norsk. Målet på lærartettleik kan vera hefta med noko usikkerheit.

Gruppestorleikene bør difor sjåast på som ein indikasjon og ikkje eit absolutt mål. Gjennom Utdanningsdirektoratet sin meir presise lærarkalkulator ved innlogging på GSI (Grunnskulens informasjonssystem) kan skuleeigar rekna litt meir nøyaktig på gruppestorleik 2.

Lærartettleiken i Luster er høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet for alle hovudstega i grunnskulen lustraskulen sett under eitt. Dette skuldast for barnesteget sin del hovudsakleg at Luster har ein desentralisert skulestruktur med seks mindre skular/oppvekstsentra. Også omfanget av delingstimar og styrkingstimar til tidleg innsats spelar inn. Lærartettleiken for barnesteget samla har berre hatt mindre variasjonar dei seinare åra.

For ungdomssteget har lærartettleiken vore noko høgare dei siste to åra. Dette har fleire forklaringar, mellom anna omfang delingstimar, ekstra klassesdeling/inndeling i mindre grupper på grunn av trong for tilrettelagt undervisning og omfang deling av grupper i valfag.

I perioden 2016–2019 har alle kommunane i Noreg fått øymerka tilskot til auka lærartettleik uavhengig av om dei allereie innfrir dei nasjonale normtala for lærartettleik. Kalendaråret 2019 dreidde dette seg om 1,3 millionar kroner, tilsvarande ca. 1,5 årsverk. Denne potten med styrkingstimar har i Luster vorte delte ut til alle skulane prosentvis etter kor mange elevar dei har på 1.-4. trinn, dvs. at Hafslo barne- og ungdomsskule og Gaupne skule – som vanlegvis har dei største klassane – har fått tildelt langt fleire styrkingstimar enn det oppvekstsentra har fått.

Desse styrkingsmidlane har utvilsamt gjort at skulane kan driva ei meir fleksibel og tettare oppfølging av elevane på 1.-4. trinn. Dette har også vore eit gode etter innføringa av plikta om intensiv opplæring for elevar på 1.-4. trinn som vart gjort gjeldande frå 1. august 2018. Endringa i opplæringslova inneberer mellom anna at skulane skal syta for at elevar på 1.-4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i basisferdigheitene lesing, skriving eller rekning, snøgt skal få eit tilbod om intensiv opplæring.

Frå kalendaråret 2020 er løyvinga frå staten til auka lærartettleik gjort om frå øymerka tilskot til del av rammetilskotet til kommunane.

5.1.2. Talet på elevar og lærarårsverk

Talet på elevar

Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrerte ved grunnskolar per 1. oktober det aktuelle skoleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskoleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskole. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskoleopplæring.

Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning. Årsverka er berekna ved å dividere årstimar på årssamma. Det er brukt 741 timar på barnesteget og 656 timar på ungdomssteget. I denne indikatoren høyrer følgjande delskår med: Årsverk til undervisning.

Del av årstimar gitt av personale med godkjend utdanning

Indikatoren viser kor stor del av årstimane som er gjennomførte av undervisningspersonale med godkjend utdanning i dei fag og trinn dei underviser i.

Lokale mål

Alle tilsette i grunnskulen i Luster skal ha godkjend utdanning for arbeidet dei skal utføra. For ungdomssteget er det eit formelt krav om 60 studiepoeng for å kunne undervisa i norsk, matematikk og engelsk jf. opplæringslova. På barnesteget er kravet i utgangspunktet at lærarar som skal undervisa i norsk, engelsk eller matematikk, har 30 studiepoeng i faget / fagområdet, for ungdomssteget 60 studiepoeng i basisfaga. For dei andre undervisningsfaga på 8.-10. trinn er kravet minst 30 studiepoeng. Valfaga er unnateke desse krava.

Luster kommune skuleeigar | Fordelt på periode

Indikator og nøkkeltall	2015/16	2016/17	2017/18	2018/19	2019/20
Talet på elevar	658	661	669	646	633
Årsverk for undervisningspersonale	85,9	92,8	93,6	84,2	87,6
Andel undervisning gjeve av undervisningspersonale med godkjent utdanning	98,9	100,0	97,5	98,5	98,6

Luster kommune skuleeigar, Grunnskule, Tal elevar og lærarårsverk, Offentleg, Alle trinn, Begge kjønn

Skuleeigar si vurdering

Elevtalet i lustraskulen har sunke med 40 elevar sidan skuleåret 2014/15. Nedgangen vil fortsetja dei næraste åra då det vil gå ut fleire større årskull frå 10. trinn og det kjem inn nye og mindre årskull i første klasse. Utan større tilflytting av nye elevar vil trenden med synkende elevtal halda fram og samla elevtal vil vera under 600 elevar i 2024.

Samla tal årsverk for undervisningspersonale har gått noko opp frå 2018 til 2019. Dette skuldast hovudsakleg auke i spesialpedagogiske tiltak og særskilt språkopplæring for minoritetsspråklege elevar i tillegg til justeringar i basisbemanninga hjå einskildskular.

Lærarstillingane er dekkja med personale som har utdanning etter gjeldande krav og dispensasjonsreglar. I somme vikariat og i enkelttimar er det mogleg at dette ikkje vert heilt oppfylt. Fagkompetanse og vidareutdanning er elles beskrive i eit eige kapittel tidlegare.

5.2. Læringsmiljø

5.2.1. Elevundersøkinga

Alle elevar og lærlingar skal inkluderes og oppleve meistring. Det er obligatorisk for skoleeigarar og skoleleiarar å gjennomføre Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. steget og for Vg1. Ein del av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til indeksar som blir viste i Skoleporten. Resultata for alle spørsmåla i Elevundersøkinga blir viste i ein eigen rapportportal. I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:

- **Støtte frå lærarane:** Indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane.
- **Vurdering for læring:** Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring.
- **Læringskultur:** Indeksen viser om elevane opplever at skolearbeidet er viktig for klassen, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet.
- **Meistring:** Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skolen.
- **Elevdemokrati og medverknad:** Indeksen viser elevane si oppleving av om det er mogleg å medverke i arbeidet med faga, og om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeid.

- **Mobbing på skolen:** Gjennomsnittsverdien for indikatoren Mobbing på skolen er berekna ut frå kor mange som opplever at dei blir mobba, og kor ofte dei blir mobba. Verdien viser ikkje talet på elevar som i snitt blir mobba. Ein og same verdi kan anten indikere at mange kryssar av at dei blir mobba sjeldan, eller at færre kryssar av at dei blir mobba hyppig. I Skoleporten tyder eit gjennomsnitt ned mot verdien 1 på lite mobbing i skolen.
- **Andel elevar som har opplevd mobbing:** 2-3 gonger i måneden eller oftare (prosent). Se eget diagram.

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat. Unntaka er mobbing på skolen der låg verdi er positivt og del av elevar som er i prosent.

Lokale mål

Det er eit overordna mål at lustraskulen skal vera ein inkluderande skule med god trivsel, tilhøyrse, høg fagleg kvalitet og gode resultat. Lustraskulen skal vera fri for mobbing. Dette inneber at skulane og skuleeigar må arbeida systematisk med læringsmiljøet, motivasjon, elevmedverknad og vurdering for læring.

Tabellane på dei neste sidene syner indikatorar og nøkkeltal for Elevundersøkinga 2018 når det gjeld støtte frå lærarane, vurdering for læring, læringskultur, meistring, elevdemokrati og medverknad, mobbing på skulen for høvesvis 7. trinn og 10. trinn.

Nøkkeltal elevundersøkinga Luster kommune 7. trinn 2015 – 2019

Indikator og nøkkeltal	2015/16	2016/17	2017/18	2018/19	2019/20
Trivsel	4,6	4,4	4,2	4,1	4,3
<i>Nasjonalt</i>	4,4	4,4	4,3	4,3	4,3
Støtte frå lærarane	4,7	4,5	4,4	4,5	4,5
<i>Nasjonalt</i>	4,4	4,4	4,4	4,4	4,4
Vurdering for læring	4,2	4,2	4,0	4,1	4,0
<i>Nasjonalt</i>	3,9	3,9	3,9	3,9	3,9
Læringskultur	4,4	4,2	4,0	4,1	4,2
<i>Nasjonalt</i>	4,1	4,1	4,1	4,0	4,0
Meistring	4,1	4,2	4,0	4,0	4,1
<i>Nasjonalt</i>	4,1	4,1	4,1	4,1	4,0
Elevdemokrati og medverknad	4,1	4,2	3,8	3,9	3,9
<i>Nasjonalt</i>	3,8	3,8	3,8	3,8	3,8
Motivasjon	4,0	4,0	3,9	3,9	3,8
<i>Nasjonalt</i>	4,0	4,0	3,9	3,8	3,8
Fagleg utfordring	4,4	4,1	4,1	4,2	3,9
<i>Nasjonalt</i>	4,1	4,1	4,1	4,1	4,0

Luster kommune skuleeigar, Grunnskule, Tal elevar og lærarårsverk, Offentleg, Begge kjønn

Skuleeigar si vurdering

Nøkkeltala frå Elevundersøkinga for 7. trinn hausten 2019 syner at elevane i Luster ligg jamt med eller rett over landssnittet på dei fleste indikatorane. Dette inneber at elevane i heilskap trivest på skulen, at dei får oppgåver som dei meistrar og at elevane opplever at lærarane støttar dei. Elevundersøkinga gjev ein indikasjon på at det vert gjort mykje bra arbeid i skulane i Luster og at læringsmiljøet jamt over er trygt og stimulerande.

Gjennomsnittstalet for trivsel har gått opp samanlikna med dei to føregåande åra og er no likt med landssnittet. Det er gledeleg. Talet for motivasjon har gått noko ned dei seinare åra, det same har også skjedd nasjonalt. Elles er det eit nasjonalt funn at 7. trinn skårar generelt høgare enn 10. trinn og at det er små skilnader mellom fylka. Den største endringa i Luster frå Elevundersøkinga skuleåret før er området fagleg utfordring der nedgangen frå 4,2 til 3,9 gjer at talet for Luster no ligg like under landssnittet på 4,0. Det er fast praksis for skulane i Luster at dei gjennomgår resultatet for sin skule med personalet, med elevråd og med FAU/SU.

**Luster oppvekstsenter tok ikkje Elevundersøkinga innan tidsfristen. Difor er ikkje dei inkludert i Luster sine tal for skuleåret 2019/20.

Nøkkeltal elevundersøkinga Luster kommune 10. trinn 2015 – 2019

Indikator og nøkkeltal	2015/16	2016/17	2017/18	2018/19	2019/20
Trivsel	4,1	4,2	4,3	4,4	4,1
<i>Nasjonalt</i>	4,2	4,2	4,1	4,1	4,1
Støtte frå lærarane	4,0	4,2	4,1	4,4	4,1
<i>Nasjonalt</i>	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0
Vurdering for læring	3,3	3,3	3,4	3,5	3,4
<i>Nasjonalt</i>	3,3	3,3	3,3	3,3	3,3
Læringskultur	3,8	3,9	4,1	4,3	3,9
<i>Nasjonalt</i>	3,8	3,8	3,8	3,8	3,8
Meistring	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0
<i>Nasjonalt</i>	4,0	4,0	4,0	3,9	3,9
Elevdemokrati og medverknad	3,1	3,3	3,2	3,7	3,3
<i>Nasjonalt</i>	3,2	3,3	3,3	3,4	3,4
Motivasjon	3,4	3,5	3,4	3,5	3,3
<i>Nasjonalt</i>	3,5	3,5	3,5	3,5	3,4
Fagleg utfordring	4,1	4,4	4,5	4,4	4,5
<i>Nasjonalt</i>	4,2	4,2	4,2	4,3	4,3

Luster kommune skuleeigar, Grunnskule, Tal elevar og lærarårsverk, Offentleg, Alle trinn, Begge kjønn

Skuleeigar si vurdering

Nøkkeltala frå Elevundersøkinga på 10. trinn i 2019 syner at Luster ligg ganske jamt med landssnittet på alle dei sentrale indikatorane. Samanlikna med året før så er det ein viss nedgang i fleire av faktorane, samanlikna med føregåande år er det mindre skilje. Fagleg utfordring er einaste området der det er høgare skår i 2019/20 enn året før. Elles er det ein mindre nedgang i motivasjon samanlikna med året før. Den største endringa frå skuleåret før ligg på områda *Elevdemokrati og medverknad* (ned frå 3,7 til 3,3) og *Læringskultur* (ned frå 4,3 til 3,9).

Om Vurdering for læring

Dette er eit viktig område som tek føre seg ulike tilhøve ved læringsarbeidet. Vert måla i faga forklart slik at eleven forstår dei? Er kriteria for vurderinga kjende? Kva inneber dei ulike karakterane på ungdomssteget og er det forklart kva som krevst for å oppnå dei ulike karakterane? Vidare vert det stilt spørsmål om elevane har fått attendemelding på kva eleven gjer som er bra, og kva eleven kan gjera for å verta betre i faga (attendemelding og framovermelding). Generelt svarar elevane stadfestande på desse spørsmåla. Resultatet er litt ned frå året før, men framleis over landssnittet.

Om Læringskultur

Dette området tek føre seg spørsmål om arbeidsro i timane, kor viktig elevane i klassen synest det er å arbeida godt med skulearbeidet og i kor stor grad lærarane synest det er greitt at elevar gjer feil fordi elevane kan læra av feila dei gjer. Her er det altså ein markert nedgang frå året før, men likevel over landssnittet.

Om Elevdemokrati og medverknad

Spørsmåla på dette området er m.a. *Er de elevar med på å føreslå korleis de skal arbeida med faga?*, *Høyrer skulen på elevane sine forslag?*, *Er de elevar med på å laga reglar for korleis de skal ha det i klassen?* Talet for Luster er rett under landssnittet. Elevdemokrati og medverknad er eit sentralt område i fagfornyinga, så dette området vil ungdomsskulane arbeida systematisk med.

Om Trivsel

Frå å ha gått oppover over fleire år, er talet for Luster markert ned samanlikna med året før. Luster skårer likt med landssnittet. I denne samanhengen er det viktig å vera medviten om at dette dreier seg om at det for Luster statistisk sett dreier seg om små tal og at det skal få elevar til for at resultatet skal endra seg markant i den eine eller andre retninga.

5.2.2. Andel elevar som har opplevd mobbing 2-3 gonger i månaden eller oftare (prosent)

Prosentdelen Mobbing på skolen viser den prosentdelen elevar som opplever å bli mobba 2 eller 3 gonger i månaden eller oftare. Prosentdelen elevar som opplever mobbing på skolen, er summen av den prosentdelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gonger i månaden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gonger i veka». Prosentdelen Mobba på skolen seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.

Lokale mål

Lustraskulen skal vera fri for mobbing. Eitt mobbetilfelle er eitt for mykje.

Tabellane nedanfor syner del elevar som svarar at dei vert mobba av medelevar, mobba digitalt (på skulen) og/eller mobba av vaksne på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare. Resultatet vert ikkje vist dersom 1-4 elevar har svara at dei opplever mobbing på skulen. Dette vert vist med ei *.

Del elevar som opplever mobbing på skulen 7. trinn 2016-2019

Indikator og nøkkeltal	2016/17	2017/18	2018/19	2019/20
Mobbing på skulen	13,9	11,4	8,9	*
Nasjonalt	7,0	6,9	7,2	7,1

Luster kommune skuleeigar, Grunnskule, Tal elevar og lærarårsverk, Offentleg, Begge kjønn

Del elevar som opplever mobbing på skulen 10. trinn 2016-2019

Indikator og nøkkeltal	2016/17	2017/18	2018/19	2019/20
Mobbing på skulen	*	*	*	*
Nasjonalt	7,7	8,3	7,0	6,5

Luster kommune skuleeigar, Grunnskule, Tal elevar og lærarårsverk, Offentleg, Begge kjønn

I Elevundersøkinga er mobbing definert slik:

«Med mobbing mener vi gjentatte negative handlinger fra en eller flere sammen, mot en elev som kan ha vanskelig for å forsvare seg. Mobbing kan være å kalle en annen stygge ting og erte, holde en annen utenfor, baksnakke eller slå, dytte eller holde fast.»

Både mobbetalet for 7. trinn og for 10. trinn er dette skuleåret unnateke offentlegheit, jf. reglane for Elevundersøkinga: «Resultatet vises ikke hvis 1-4 elever har svart at de opplever mobbing på skolen. Det vises ved en *.»

Statistikken syner to trendar. Tal elevar som svarar at dei vert mobba på 7. trinn har gått nedover kvart år sidan hausten 2016. Vanlegvis er det fleire elevar på 7. trinn enn på 10. trinn som svarar at dei vert mobba på denne undersøkinga.

I og med at Luster er ein liten kommune med relativt få elevar, så skal det lite til for at ein prosentvis får noko høge tal. Skulane arbeider systematisk for å førebyggja mobbing og skapa gode klasse- og skulemiljø. Når det likevel oppstår mistrivnad og elevar opplever at dei vert trakasserte eller mobba, så er det særst viktig at skulane følgjer opp med tiltak. Null prosent mobbing er det målet skulane og kommunen lyt halda høgt og streva etter.

Etter innføringa av aktivitetsplikta etter kapittel 9A i opplæringslova er det laga nye prosedyrar for handtering av saker etter kapittel 9A i opplæringslova og for å følgja opp den såkalla aktivitetsplikta som skulen og skuleeigar har når det gjeld oppfølging av skulemiljøet.

Alle skulane i Luster har i 2018 og 2019 dessutan delteke i Inkluderande barnehage- og skulemiljøet der det har vorte arbeidd systematisk med tema som sårbare barn og risikofaktorar for psykisk helse, kva som fremjar eit inkluderande og psykisk helsefremjande miljø, kva er mobbing og krenkingar i skule, vaksenrolla og relasjonsbygging, observasjon og tiltak og godt samarbeid heim-skule.

Skulane følgjer nøye opp resultatata i Elevundersøkinga umiddelbart for å sjå etter og kartleggja kva som bak tala. Resultata frå Elevundersøkinga på hausten vert også følgt opp med nye kartlegginga om det skulle vera trong for det. Skulane grip såleis tidleg fatt i resultatata og følgjer opp og handterer dei sakene som eventuelt oppstår.

I tillegg deler skulane erfaringar seg imellom gjennom det lokale skulemiljønettverket der både nøkkelpersonar frå kvar skule samt rektorar og kommunalsjef møtest. Både hausten 2018 og våren 2019 hadde dette nettverket møte med ekstern kurshaldar der temaet mellom anna var handtering av komplekse mobbesaker.

**Luster oppvekstsenter tok ikkje Elevundersøkinga innan tidsfristen. Difor er ikkje dei inkludert i Luster sine tal for skuleåret 2019/20.

5.3. Resultat

Alle elevar som går ut av Grunnskulen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

5.3.1. Nasjonale prøvar 5. steget

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt. Elevane skal vise at dei kan:

1 finne informasjon 2 forstå og tolke 3 reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- *tal*
- *måling*
- *statistikk*

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:

- *kan løyse ei gitt utfordring*
- *kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar*
- *kan vurdere om svara er rimelege*
- *kan ha effektive strategiar for enkel talrekning*

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene (på 5. steget) er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytte til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylene viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga av resultatata til elevane. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

Lokale mål

Det er eit mål at skulane i Luster skal prestera godt på nasjonale prøvar. Det viktigaste er likevel at kvar elev har god læringsutvikling gjennom opplæringa frå 1. til 10. trinn, slik at elevane får tru på egne evner, opplever meistring og har eit best mogleg fagleg fundament for det vidare opplæringsløpet.

5. trinn | Luster kommune | Samanlikna geografisk | 2019/20

Indikator og nøkkeltal	Luster kommune	Sogn og Fjordane	Nasjonalt
Lesing	50	49	50
Rekning	52	49	50
Engelsk	52	50	50

Luster kommune skuleeigar, Grunnskule, Nasjonale prøver 5. trinn, 2019-2020, Trinn 5, Begge kjønn

5. trinn | Luster kommune | Utvikling over tid | 2017-2019

Indikator og nøkkeltal	2017-18	2018-19	2019-20
Lesing	49	52	50
Rekning	53	55	52
Engelsk	52	54	52


Luster kommune skuleeigar, Grunnskule, Nasjonale prøvar 5. trinn, 2019-2020, Trinn 5, Begge kjønn

5. trinn | Luster kommune | 2019-20 | Etter kjønn


Nasjonal prøve	Begge kjønn	Gutar	Jenter
Lesing	50	52	49
Rekning	52	53	50
Engelsk	52	52	52

Luster kommune skoleeier, Grunnskule, Nasjonale prøvar 5. trinn, Offentleg, Trinn 5, Begge kjønn


5. trinn | Luster kommune | Lesing | Meistringsnivå over tid | Begge kjønn



5. trinn | Luster kommune | Rekning | Meistringsnivå over tid | Begge kjønn



5. trinn | Luster kommune | Engelsk | Meistringsnivå over tid | Begge kjønn



Skuleeigar si vurdering

Årskulla i Luster er høvesvis små. Det medfører at det lett kan vera store svingningar mellom kulla. Dette må takast omsyn til når ein vurderer resultatata.

Skuleåret 2019/20 skåra elevane på 5. trinn i Luster over fylkessnittet i alle dei tre nasjonale prøvane. Skåren til Luster var også over landssnittet i rekning og engelsk og likt med landssnittet i lesing. I Sogn og Fjordane fylke var det i haust berre fire kommunar som hadde likt eller betre enn landssnittet i lesing. Luster var ein av desse fire kommunane. Samanlikna med året før er det ein liten nedgang i resultatet, men resultatet er likevel solid.

Dette årskullet skil seg ut – til liks med fjorårets kull - ved at gutane skårar godt. I dette kullet har gutane høgare gjennomsnittsskår enn jentene i lesing og rekning medan kjønna skårer likt i engelsk. Gutane skårer då også godt over landssnittet.

Det er eit viktig mål å redusera talet elevar som presterer på lågaste meistringsnivå. For alle tre prøvane har Luster færre på lågaste meistringsnivå enn landssnittet. Innan lesing og engelsk er skåren for hausten 2019 det nest beste resultatet dei siste fem åra. Her skil rekning seg ut ved at det er noko høgare tal elevar på lågaste meistringsnivå samanlikna med åra før.

5.3.2. Nasjonale prøver ungdomssteg


Lokale mål

Det overordna målet er at kvar elev skal ha ei fagleg god utvikling i løpet av dei tre åra på ungdomssteg. Generelt er det eit klårt mål å få fleire elevar til å stiga frå eitt meistringsnivå til nivået/nivåa over og å redusera talet elevar som skårar på lågaste meistringsnivå.


8. trinn | Luster kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk | Over tid

Indikator og nøkkeltall	2017-18	2018-19	2019-20
Lesing			
Luster kommune	50	50	52
Sogn og Fjordane fylke	50	50	50
Nasjonalt	50	50	50
Rekning			
Luster kommune	52	51	53
Sogn og Fjordane fylke	51	51	51
Nasjonalt	50	50	50
Engelsk			
Luster kommune	50	49	49
Sogn og Fjordane fylke	49	50	50
Nasjonalt	50	50	50


8. trinn | Luster kommune | Lesing | Meistringsnivå over tid | Begge kjønn



8. trinn | Luster kommune | Rekning | Meistringsnivå over tid | Begge kjønn



8. trinn | Luster kommune | Engelsk | Meistringsnivå over tid | Begge kjønn



8. trinn | Luster kommune skuleeigar | Fordelt etter kjønn | 2019-20

Indikator og nøkkeltal	Begge kjønn	Gutar	Jenter
Lesing	52	51	53
Rekning	53	54	52
Engelsk	49	51	47

Luster kommune skuleeigar, Grunnskule, Nasjonale prøver ungdomstrinn, 2017-2018, Trinn 8, Både kjønn

	LESING		ÅRSKULL 2005		REKNING	
	8. trinn (2018/19)	9. trinn (2019/20)	9. trinn nasjonalt	8. trinn (2018/19)	9. trinn (2019/20)	9. trinn nasjonalt
Samla Luster	50	54	54	51	56	53
Gutar Luster	48	54		53	58	
Gutar nasjonalt	49	52		51	55	
Jenter Luster	51	55		50	54	
Jenter nasjonalt	51	55		49	52	

Kjelde: Skoleporten, Nasjonale prøver 2018 og 2019

Skuleeigar si vurdering

Årskulla i Luster er høvesvis små. Det medfører at det lett kan vera store svingningar mellom kulla. Dette må takast omsyn til når ein vurderer resultatane.

På nasjonale prøvar 8. trinn skårar elevane i 2019/20 betre enn fylkes- og landssnittet i lesing og rekning, men er like under i engelsk. Samanlikna med årskullet før skåra årets 8. klassingar noko betre i både lesing og rekning. I engelsk skårar både årskulla likt.

På nasjonale prøvar på ungdomssteget er prestasjonane delte inn etter fem meistringsnivå. Det er eit viktig mål å redusera talet elevar som presterer på lågaste meistringsnivå. Resultata for 2019/20 syner at det er ein klar reduksjon i tal elevar på dei to lågaste meistringsnivåa i både lesing og rekning. I engelsk er det færre elevar på det lågaste meistringsnivået. Dette er eit gledeleg resultat. Når det gjeld skår på dei to høgaste meistringsnivåa er det mindre endringar samanlikna med året før, men litt betre skår i lesing.

Jentene skårar noko betre enn gutane i lesing, men gutane i Luster skårar høgare i rekning og engelsk. Gutane skårar høgare enn landssnittet i både lesing og rekning, i engelsk er lustragutane jamt med landssnittet. Jentene skårar også høgare enn landssnittet i lesing og rekning medan dei skårer noko under i engelsk.

Det mest interessante er kanskje å sjå utviklinga frå 8. til 9. trinn innafor eitt og same årskull. I tabellen øvst på denne sida er resultatane for nasjonale prøvar i 8. trinn 2018/19 årskull 2005 sett opp mot resultatane på 9. trinn når elevane var eitt år eldre. Framgangen i lesing frå 8. til 9. trinn var på fire skalapoeng, det er likt med landssnittet. I rekning var framgangen på seks skalapoeng. Det er tre skalapoeng meir enn landssnittet. Gutane forbetra seg noko meir enn jentene frå 8. til 9. trinn. På 8. trinn skåra gutane to skalapoeng under landssnittet medan dei eitt år seinare var likt med landssnittet. Også i rekning forbetra gutane seg meir enn det som landssnittet gjorde. Jentene på si side hadde lik framgang med landssnittet i både prøvar. På 9. trinn vert det ikkje arrangert nasjonal prøve i engelsk.

5.3.3. Karakterar – eksamen og standpunkt

Standpunktkarakterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:

Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

Eksamens- og standpunktresultat 2019 | Samanlikna geografisk over tid | 10. trinn

Indikator og nøkkeltal	2014/15	2015/16	2016/17	2017/18	2018/19
Engelsk skriftleg eksamen - Luster	-	3,8	-	3,7	-
Sogn og Fjordane	3,7	3,7	3,8	3,7	3,9
Nasjonalt	3,7	3,6	3,8	3,7	3,7
Matematikk skriftleg - Luster	3,2	3,4	3,6	-	4,1
Sogn og Fjordane	3,0	3,5	3,5	3,8	3,8
Nasjonalt	2,9	3,3	3,4	3,6	3,6
Norsk hovudmål skriftleg - Luster	3,8	-	3,5	3,4	3,3
Sogn og Fjordane	3,4	3,5	3,3	3,4	3,4
Nasjonalt	3,4	3,5	3,4	3,5	3,4
Norsk sidemål skriftleg - Luster	3,6	-	3,8	3,7	3,7
Sogn og Fjordane	3,4	3,5	3,6	3,6	3,3
Nasjonalt	3,1	3,2	3,3	3,4	3,1

Munnleg eksamen 2019 | Samanlikna geografisk | 10. trinn

Indikator og nøkkeltall	2018/19
Engelsk munnleg - Luster	5,1
Sogn og Fjordane	4,6
Nasjonalt	4,6
Matematikk munnleg - Luster	4,1
Sogn og Fjordane	4,4
Nasjonalt	4,2
Naturfag munnleg - Luster	3,6
Sogn og Fjordane	4,4
Nasjonalt	4,3

Norsk munnleg - Luster	4,7
Sogn og Fjordane	4,7
Nasjonalt	4,5
Samfunnsfag munnleg – Luster	4,9
Sogn og Fjordane	4,6
Nasjonalt	4,5

Eksamensresultat og standpunktkarakter 2019 | Samanlikning kjønn | Luster

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskule

Indikator og nøkkeltall	Begge kjønn	Gutar	Jenter
Norsk hovudmål skriftleg eksamen	3,3	3,0	3,6
Norsk hovudmål standpunkt	3,8	3,4	4,2
Norsk sidemål skriftleg eksamen	3,7	3,4	4,0
Norsk sidemål standpunkt	3,8	3,4	4,1
Matematikk skriftleg eksamen	4,1	3,7	4,4
Matematikk standpunkt	3,9	3,7	4,1
Engelsk skriftleg eksamen	-	-	-
Engelsk standpunkt	3,9	3,5	4,2

Luster kommune skuleeigar, Grunnskule, Offentleg, 2018-2019, Trinn 10

** Ingen klassar i Luster kom opp i engelsk skriftleg eksamen 2018/19*

Skuleeigar si vurdering

Ettersom eksamensoppgåvene er ulike frå år til år, er det normalt med noko meir variasjon i karaktergjennomsnitt og karakterfordeling enn for standpunkt. Dette inneber at eksamensresultata ikkje er direkte samanliknbare frå år til år.

Skuleåret 2018/19 var avgangselevane i Luster oppe i skriftleg eksamen i norsk og i matematikk. I matematikk oppnådde elevane 4,1 i snitt, betre enn både fylkes- og landssnittet. I norsk hovudmål presterte elevane 3,3 i snitt, 0,1 under landssnittet. I norsk sidemål vart gjennomsnittet for elevane i Luster 3,7, eit resultat som var 0,4 karakterpoeng høgare enn landssnittet. Dei siste tre gongene lustraelevane har vore oppe i norsk skriftleg har dei gjort det betre i sidemål (bokmål for dei aller fleste) enn i hovudmål (nynorsk for dei aller fleste).

På munnleg eksamen skåra lustraelevane betre enn landssnittet i engelsk, norsk og samfunnsfag medan resultatet for munnleg matematikk- og naturfageksamen var noko under landssnittet.

Skilnaden mellom gutar og jenter både i karakter på eksamen og i standpunktkarakter er relativt stor. Samanlikna med standpunktkarakter gjorde gutane det noko betre på norsk skriftleg enn jentene. På matematikkeksamen skåra jentene betre på eksamen enn i standpunkt medan gutane skåra likt med standpunkt. Vanlegvis plar elevane få betre standpunktkarakter enn eksamenskarakter.

5.3.4. Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skole. Grunnskulepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10.

Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven. Grunnskulepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

Grunnskulepoeng | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode 2014-2018

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskule

Indikator og nøkkeltall	2014/15	2015/16	2016/17	2017/18	2018/19
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt					
Luster kommune	41,3	40,3	40,9	41,1	41,9
Sogn og Fjordane fylke	41,2	41,5	41,6	42,0	42,4
Nasjonalt	40,7	41,1	41,4	41,7	41,9

Luster kommune skuleeigar, Grunnskule, Grunnskulepoeng, Offentleg, 2018/19, Trinn 10

Grunnskulepoeng | Samanlikna geografisk | Fordelt på kjønn | 2018/19

Indikator og nøkkeltal	Begge kjønn	Gutar	Jenter
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt			
Luster kommune	41,9	39,4	44,2
Sogn og Fjordane fylke	42,4	40,1	44,5
Nasjonalt	41,9	39,6	44,3

Luster kommune skuleeigar, Grunnskule, Grunnskulepoeng, Offentleg, 2018/19, Trinn 10

Grunnskulepoeng | Poengdifferanse gutar og jenter i Luster | Fordelt på periode

Indikator og nøkkeltal	2014/15	2015/16	2016/17	2017/18	2018/19
Differanse grunnskulepoeng gutar - jenter					
Luster kommune	4,9	5,1	7,6	4,8	4,8
Sogn og Fjordane fylke	4,6	4,8	4,9	4,4	4,1
Nasjonalt	4,3	4,5	4,6	4,5	4,7

Skuleeigar si vurdering.

Samanlikna med året før auka snitt grunnskulepoeng med 0,8, dvs. frå 41,1 til 41,9 grunnskulepoeng. Det er akkurat likt med landssnittet. Det har vore ein gradvis auke i grunnskulepoeng år for år dei siste fire åra. Dette er ei positiv utvikling då det er på bakgrunn av grunnskulepoeng elevane søker opptak på vidaregåande skule.

Det er stor skilnad i gjennomsnittleg grunnskulepoeng for gutar og jenter. Dette gjeld både nasjonalt, fylket og lokalt for elevane i Luster. Dette året er differansen i gjennomsnittleg grunnskulepoeng mellom gutar og jenter i Luster om lag den same som for landssnittet. Kjønnsdifferansen er den same som den var året før. Jentene skårar rett under lands- og fylkessnitt medan gutane er like bak landssnittet og litt lengre bak fylkessnittet for gutar.

5.3.5. Grunnskulepoeng kommunane i Sogn og Fjordane

Luster kommune skoleeier | Samanlikna med kommuner i Sogn og Fjordane fylke | Fordelt på periode | Alle eigarformar

Indikator og nøkkeltall	2014/15	2015/16	2016/17	2017/18	2018/19
Askvoll kommune	41,2	43,1	41,9	42,7	44,5
Aurland kommune	40,1	42,9	46,9	42,6	47,4
Balestrand kommune	43,1	41,6	43,1	47,6	48,1
Bremanger kommune	43,9	43,3	42,4	41,7	42,3
Eid kommune	41,6	41,3	41,1	*	43,5
Fjaler kommune	40,9	43,2	42,6	43,7	42,7
Flora kommune	38,7	40,0	38,8	40,4	40,7
Førde kommune	41,3	41,5	41,7	41,4	42,1
Gaular kommune	42,5	42,2	42,9	44,0	43,4
Gloppen kommune	41,0	41,5	43,3	40,7	43,2
Gulen kommune	41,6	43,0	42,0	44,0	42,1
Hornindal kommune	43,4	45,2	43,9	42,8	43,0
Hyllestad kommune	42,0	40,6	41,4	42,7	46,8
Høyanger kommune	41,2	42,6	40,3	42,9	42,7
Jølster kommune	40,6	41,6	44,0	42,8	42,1
Leikanger kommune	44,5	42,6	41,2	44,2	41,8
Luster kommune	41,3	40,3	40,9	41,1	41,9
Lærdal kommune	41,6	39,7	44,4	42,9	40,0
Naustdal kommune	39,3	41,6	42,3	36,8	39,0
Selje kommune	41,7	43,2	45,6	44,6	43,5
Sogndal kommune	42,5	43,0	43,0	43,3	43,8
Solund kommune	*	40,3	46,3	43,7	45,9
Stryn kommune	41,4	41,1	40,7	41,1	41,7
Vik kommune	39,6	40,4	41,0	42,1	43,6
Vågsøy kommune	42,1	40,1	41,0	41,2	*
Årdal kommune	40,2	39,7	39,3	41,2	41,7

*Kommunar i Sogn og Fjordane fylke, Grunnskulepoeng, Trinn 10, Begge kjønn
Kjelde: Skoleporten.no*

Skuleeigar si vurdering

Samanlikna med dei andre kommunane i Sogn og Fjordane er resultatet for Luster i nedre halvdel trass i markant betring frå året før. Både fylkes- og landssnittet har vore jamt aukande dei seinare åra. Fylkessnittet var i 2018/19 42,4 grunnskulepoeng medan landssnittet var 41,9 – likt med Luster. Av nabokommunane i Sogn presterer avgangselevane i Aurland, Balestrand, Vik og Sogndal monaleg betre enn avgangselevane i Luster medan elevane i Årdal og Leikanger er like bak.

6. Skulebidragsindikator

Indikator og nøkkeltal	2014+15	2015+16	2016+17	2017+18	2018+19
Luster - skulebidrag 1.-4. trinn	0,4	0,6	0,9	2,2	2,5
Sogn og Fjordane	-0,1	0,0	0,3	0,2	0,0
Nasjonalt	0,0	0,0	0,0	0,1	0,1
Luster - skulebidrag 5.-7. trinn	0,6	0,5	1,1	0,3	-0,1
Sogn og Fjordane	0,4	0,6	0,4	0,4	0,4
Nasjonalt	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Luster - skulebidrag 8.-10. trinn	1,4	1,1	0,1	-0,4	0,2
Sogn og Fjordane	0,1	0,1	0,2	-0,1	0,2
Nasjonalt	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0

Kjelde: Skoleporten.no

Skuleeigar si vurdering

Føremålet med skulebidragsindikatoren er at den forsøker å visa kva som er skulen sin innsats når det gjeld elevresultata.

For å kunne måle skulen sitt bidrag, må ein skilje ut den delen av læringsresultatet som skuldast dei føresetnadene elevane har med seg. Skulebidraget vert kontrollert for tidlegare elevprestasjonar i tillegg til foreldrebakgrunn (foreldra sitt utdanningsnivå, inntekt i hushaldet og elevane sin innvandringsbakgrunn).

Skulebidragsindikatorane gjev inga forklaring på kvifor bidraget er som det er. Dei må sjåast i samanheng med lokalt kunnskapsgrunnlag og anna tilgjengeleg informasjon om tilstanden i skulen, som læringsresultat og læringsmiljø.

For elevane finst det ikkje tidlegare resultat enn nasjonale prøvar på 5. trinn. For indikatoren for 1.-4. trinn vert det derfor kun kontrollert for familiebakgrunn. Den gjev difor ikkje eit så presist estimat på skulen sitt bidrag samanlikna med dei andre trinna.

Statistikken tek føre seg to og to samanslåtte årgangar. Resultata for Luster indikerer at skulen har eit positivt skulebidrag for 1.-4. trinn, betre enn landssnittet. For 5.-7. trinn er skulebidraget noko under landssnittet og for 8.-10. trinn indikerer statistikken at skulebidraget er litt betre enn landssnittet.

Luster har høvesvis få elevar. Det kan lett påverka usikkerheiten i tala/statistikken. Ein elev som presterer svært godt eller svært dårleg, vil påverka gjennomsnittet mykje meir på ein liten skule enn på ein stor skule.

7. Gjennomføring

Alle elever og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet. Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med denne indikatoren: Overgang frå GS til VGO

7.1.1. Overgang frå grunnskule til VGO

Elevar (16 år) som er registrerte i vidaregåande opplæring same år som avslutta grunnskule.

Luster kommune | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode |


Indikator og nøkkeltal	2015	2016	2017	2018	2019
Luster kommune	98,6	97,3	*	93,8	97,3
Sogn og Fjordane fylke	98,3	98,8	97,6	97,6	97,8
Nasjonalt	98,3	98,4	98,1	98,0	98,0

Luster kommune skuleeigar, Grunnskule, Overgangen frå grunnskule til VGO, Alle trinn, Begge kjønn

Skuleeigar si vurdering

Skuleåret 2019/20 er 97,3 % av elevane i årskullet registrert i vidaregåande opplæring, ein liten auke samanlikna med året før. Dette viser at det i stor grad er god flyt mellom grunnskule og vidaregåande skule. Talet ligg litt under både fylket og landet, men det er heilt marginalt. Dette fortel at elevane frå Luster i svært stor grad startar på eit vidaregåande løp trass i at mange av elevane frå Luster må flytta på hybel når dei tek til i vidaregåande opplæring. Å flytta på hybel har vore sett på som ein auka risiko i forhold til å starta på og å gjennomføre vidaregåande opplæring. Målet må fortsatt vera å få til ein god overgang som gjer at alle elevane kjem i gang med vidaregåande skule etter ferdig grunnskule.

7.1.2. Fullført og bestått Vg1



Del elever som har bestått vg1 over tid, per kommune

Kommune	2013/2014	2014/2015	2015/2016	2016/2017	2017/2018	2018/2019	Tal elever 18/19
Flora	79%	89%	86%	83%	82%	82%	186
Gulen	94%	88%	88%	100%	93%	78%	27
Solund	90%	75%		60%	83%	71%	7
Hyllestad	79%	91%	90%	88%	78%	76%	21
Høyanger	81%	86%	82%	84%	72%	78%	76
Vik	97%	85%	75%	100%	96%	93%	29
Balestrand	77%	82%	100%	88%	80%	80%	5
Leikanger	84%	88%	89%	90%	84%	88%	40
Sogndal	82%	80%	78%	79%	91%	88%	114
Aurland	91%	83%	68%	83%	83%	95%	20
Lærdal	88%	83%	76%	93%	90%	97%	36
Årdal	91%	84%	81%	91%	91%	87%	54
Luster	80%	93%	79%	79%	83%	92%	60
Askvoll	84%	91%	97%	93%	91%	91%	43
Fjaler	85%	95%	82%	74%	81%	88%	33
Gaular	90%	89%	94%	91%	94%	92%	39
Jølster	80%	83%	89%	91%	90%	88%	42
Førde	87%	89%	87%	84%	86%	84%	206
Naustdal	81%	93%	86%	91%	73%	76%	37
Bremanger	77%	81%	92%	98%	92%	85%	53
Vågsøy	81%	80%	87%	85%	86%	88%	76
Selje	86%	86%	82%	86%	72%	73%	44
Eid	91%	84%	92%	85%	90%	82%	84
Hornindal	79%	96%	100%	100%	95%	91%	22
Gloppen	87%	83%	90%	86%	85%	82%	79
Stryn	85%	88%	93%	91%	84%	87%	106
Sogn og Fjordane	84%	86%	86%	87%	85%	85%	1539

Kjelde: uttrekk frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, juli 2019
Datagrunnlaget er alle elevar som har høyrst til ordinærklasse for elevar på VG1


www.sjf.no

Kjelde: uttrekk frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, juni 2018.

Datagrunnlaget er alle elevar som har høyrst til ordinærklasse for elevar på VG1

Gjennomføring - Prosent fullført, studieførebuande og yrkesfagleg utdanningsprogram per kommune. Kull 2013 – ferdig i 2018

Luster	90,2
Leikanger	88,5
Gulen	87,9
Balestrand	85,0
Gloppen	84,9
Gaular	84,6
Selje	84,4
Jølster	83,8
Sogn	82,9
Hyllestad	82,6
Fjaler	82,4
Førde	82,3
Eid	82,0
Vik	81,8
Nordfjord	81,4
Årdal	81,1
Sogndal	81,1
Vågsøy	80,7
Stryn	80,6
Hafs	80,1
Høyanger	79,7
Sogn og Fjordane	79,2
Sunnfjord	78,9
Lærdal	77,8
Bremanger	77,2
Flora	76,7
Hornindal	76,5
Aurland	75,0
Solund	75,0
Askvoll	72,5
Naustdal	62,8




Kjelde: SSB 10973, kommunetal på bestilling frå SSB.

www.sjf.no


Prosent fullført

■ Fullført Menn ■ Fullført Kvinner



Prosent sluttarar

■ Slutta Menn ■ Slutta Kvinner



Kull 2013, ferdig 2018. Tal er anonymisert for Hornindal, Aurland og Solund. Kjelde: Bestilling frå SSB.

Skuleeigar si vurdering

Skuleåret 2018/19 fullførte og bestod 92 % av elevane frå Luster Vg1. Dette er positivt, og det er ei klar betring frå dei tre føregåande åra. Generelt er det eit mål for skuleeigar å auka talet på fullført og bestått Vg1.

Fylkeskommunen lagar også statistikk som ser på fullført studieførebuande og yrkesfagleg studieprogram. For kullet som byrja vidaregåande opplæring i 2013 og som seinast var ferdige i 2018, tronar elevane frå Luster på topp i fylket. 90,2 % av lustraelevane i dette kullet fullførte vidaregåande opplæring. Akkurat i dette kullet var dei 9,8 % av elevane som ikkje fullførte jenter.

Vanlegvis er det få elevar frå Luster som sluttar i vidaregåande skule. Det er som regel samansette og ulike årsaker til skulefråfallet. Nokre elevar byter også studieprogram.

Kvar haust plar kommunane i Sogn og Fylkeskommunen si opplæringsavdeling i tillegg til rektorane frå Sogndal vgs og Årdal vgs møtast til eit såkalla dialogmøte der partane utvekslar erfaringar og refleksjonar om felles utfordringar og kva som kan gjerast for å betra rutinane i overgangen ungdomsskule – vidaregåande opplæring.

8. Spesialundervisning


Diagramma nedanfor syner høvesvis:

- elevar som får spesialundervisning i Luster i 2019/20 etter kjønn og alderssteg og samanlikna med fylkes- og landssnitt
- prosentdel elevar med spesialundervisning 2008–2019
- utvikling av tal enkeltvedtak om spesialpedagogiske tiltak 2008–2019, dvs. kor mange elevar som har fått spesialundervisning i denne perioden.
- utvikling tal årsverk nytta til spesialpedagogiske tiltak 2008-2018 med spesialpedagog og assistent / miljøretteiar
- Årstimar og prosentdel elevar med spesialundervisning 2018


Elevar som får spesialundervisning Luster			
2019-20	Tal elevar	Prosent	Nasjonalt
Gutar	48	14,1	10,13
Jenter	24	8,0	5,12
SUM	72	11,34	7,7

Elevar som får spesialundervisning		
2019-20	Luster	Sogn og Fjordane
1.-7. trinn	10,1	8,2
8.-10. trinn	14,1	10,5

Prosentdel elevar med spesialundervisning 2008 - 2019



x = Landssnittet for spesialundervisning: 7,7 %



Region Sogn: Årstimar og prosentdel elever med spesiaundervisning 2018

Nøkkeltal	Eining	Luster	Årdal	Vik Sogndal	Lærdal	Leikanger	Balestrand	Aurland	Landet	
		2018	2018	2018	2018	2018	2018	2018	2018	
Årstimar til spesialundervisning per elev m/ spesialundervisning (tal)	tal	218	190,7	212,5	133,3	135,6	104,1	235	139,2	137,6
Elevar som får spesialundervisning (prosent)	prosent	9,8	6,8	6,2	10,5	11,9	11,2	3,8	9,9	7,9

Skuleeigar si vurdering

Skuleåret 2019/20 er det 72 elevar i Luster kommune som har enkeltvedtak om spesialundervisning. Dette er ni elevar meir enn året før og 14 elevar meir enn to år før. Det tilseier at skuleåret 2019/20 har 11,3 % av elevane i Luster spesialpedagogisk oppfølging, landssnittet er 7,7 %.

I Noreg er det ein klar trend at det vert fleire elevar med spesialundervisning dess høgare opp ein kjem i klassestega. Det er mest spesialundervisning på ungdomssteget. Slik er også trenden i Luster. I Luster har 10,1 % av elevane på 1.-7. trinn enkeltvedtak om spesialundervisning, i Sogn og Fjordane er gjennomsnittet 8,2 %. På ungdomssteget har 14,1 % av lustraelevane spesialundervisning, fylkessnittet er 10,5 %.

Fordelinga mellom aldersstega vil naturlegvis også vera avhengig av kva elevar som går på dei ulike stega til ein kvar tid og kor store hjelpebehov dei har. Ein sentral tilleggsfaktor er i kor stor grad ein klarar å fanga opp og tilby hjelp tidleg nok. Tidleg innsats er ein klar målsetnad både nasjonalt og lokalt. Samanlikna med føregåande år er det t.d. særleg på 1.-4. trinn at det inneverande skuleår har vore ein auke i enkeltvedtak.

Førre skuleår var første gong sidan 2008/09 at samla tal årsverk til spesialundervisning med spesialpedagog var under 20 årsverk. I 2019/20 vert det totalt nytta 20,23 årsverk til spesialundervisning i lustraskulen. Det er ein auke på 0,7 årsverk samanlikna med året før. Den største ressursmessige auken innafor spesialpedagogiske tiltak er bruk av miljøretteleiar og assistent. Skuleåret 2019/20 er samla assistent-/miljøretteleiarressurs på 10,35 årsverk, det er ein auke på 2,3 årsverk samanlikna med 2018/19 og 3,5 årsverk auke samanlikna med 2017/18. Svingningane i årsverk har samanheng med kva behov elevane har og kva type kompetanse som vert tilrådd frå PP-tenesta. Ein del av auken i miljøretteleiar/assistent kan tilskrivast større trong for oppfølging av elevar med sosiale- og/eller åtferdsutfordringar. Dette er også ein trend ein kan kjenna att på nasjonalt nivå.

Den siste tabellen i denne temadelen syner årstimar og prosentdel elevar med spesialundervisning 2018/19. Utifrå 2019/20-talet for Luster (11,35 %) så ville Luster ha hatt nest høgast prosentdel spesialundervisning i regionen. Her må ein ta høgde for at også tala for dei andre kommunane i regionen kan ha endra seg vesentleg frå 2018 til 2019. Når det gjeld årstimar spesialundervisning i snitt per elev, ligg Luster i 2018 høgast (218 t/elev) saman med Vik (212,5) og Balestrand (235). Leikanger ligg lågast med 104 timar per veke i snitt. Ein avgjerande faktor her vil naturlegvis vera kor store hjelpebehov og kva type hjelpebehov elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning har. For skuleåret 2019/20 er det noko fleire vedtak med få timar spesialundervisning, t.d. elevar som treng spesifikk støtte i matematikk.

9. System for oppfølging (internkontroll)

Verktøy som er sentrale i dette arbeidet er:

- opplæringslova
- Info-Consensus
- tenesteplan og utviklingsplan
- LKK (Luster kommune sitt kvalitetsystem)
- leiarsamlingar sentralt (1-2 gonger i halvåret)
- rektor- og styrarmøte (ein gong i månaden)
- kontinuerleg samarbeid om prosedyrar i arbeidet med kvalitetssikring og kvalitetsutvikling
- årshjul med innlagde vernerundar
- medarbeidarsamtalar med rektorar og styrarar annakvart år

10.1. Vedlegg – presentasjon av einingane

Gaupne barnehage



Gaupne barnehage seier «Me vil. Me kan». Det speglar kva borna våre tenkjer. Dei vil noko og då får dei det til. Får dei det ikkje til med ein gong, så er dei tilsette der som støttande stillas for rettleiing, motivasjon og støtte.

Me vil og kan mykje i Gaupne barnehage. I komande periode har me psykisk og fysisk helse, song og IKT som utviklingsområde. Me er med på STYD sitt prosjekt om å bli ein psykisk helsefremjande barnehage der leikemiljøet, kompetanseheving og digital handbok er det me jobbar konkret med i dette barnehageåret.

Gaupne barnehage vart trekt ut til å bli med på forskingsprosjektet ACT NOW som HVL er ansvarlege for. Prosjektet går ut på å auke kompetansen i personalgruppa når det gjeld fysisk aktivitet og kva det har å seie for læring. Dette har òg bidrege til eit inkluderande leikemiljø, som igjen har ført til meir fysisk aktive born. Fire tilsette og styrar deltek i prosjektet som først og fremst rettar seg mot 3–5 åringane i barnehagen. Mykje nytt utstyr har ført til meir spennande leik og aktivitetar som borna styrer sjølv. Me har også eit stort allrom i midten av bygget vårt som no i større grad er vorte ein arena for å møtast på tvers av basar/avdelingar.

For dei yngste borna våre har me vore med på eit prosjekt som omhandlar song i oppstarten av barnehagelivet. Me ser at songen gjer at barnehageoppstart blir lettare og betre. Dette tek me med oss i alle overgangar innad i barnehagen òg.

IKT er eit forsømt område i barnehagen vår. Me har gamalt utstyr og lite kompetanse i personalgruppa, så dette er noko me startar på no og tek meir tak i når dei to andre forskingsprosjekta er avslutta. Å ta bilete, lage film med dei eldste borna, søke på internett og bruke enkle appar er me i gang med allereie.

Tal born 2019/20

122 plassar haust 2019 / utvida til 132 plassar f.o.m. januar 2020
93 barn fordelt på 6 basar.

Tal stillingar 2019/20

23,8 årsverk og 35 tilsette hausten 2019.
12 pedagogiske leiarar og barnehagelærarar, alle har godkjent utdanning.

Inkluderande barnehagemiljø

Gaupne barnehage har til liks med dei andre barnehagane i kommunen jobba med å bli ein psykisk helsefremjande barnehage. Me har hatt fokus på opplæring, inspirasjon og praktiske økter med heile personalgruppa. Det handlar om endringar i leikemiljøet vårt og det handlar om synet på barn med fokus på barnekonvensjonen og vaksenrolla.

Me er ei stor personalgruppe og det er viktig at alle tilsette forstår kva dette satsingsområdet inneber. Så langt har me fått dette til på ein god måte. Personalgruppa har reflektert rundt det «nye» leikemiljøet og me ser at leiken har endra seg. Me ser at borna klarar å setje i gang, styre og strukturere leiken sin sjølv og at den er indre motivert. Det er målet vårt.

Som vaksenpersonar er me òg bevisste vår eiga rolle, og heile personalgruppa har fått presentert heile COS-kurset frå dei fire sertifiserte foreldrekurs-haldarane våre. Slik er me ei samla personalgruppe som tenkjer inkluderande barnehagemiljø og rolla vår i det. Styrar er òg sertifisert foreldrekurs-haldar.

Måltid og matlaging er også ein del av eit inkluderande barnehagemiljø. Inneverande barnehageår har me prøvd å bruka det flotte kjøkenet me har i barnehagen endå meir. Difor frigjorde me fastvikaren vår og brukar ressursen på kjøkkenet til å lage lik mat til dei fem basane i hovudbarnehagen. Alle borna får tilbod om å vera med kjøkkenressursen og lage mat. Me har ferskt heimelaga brød eller rundstykker to-tre dagar i veka og to varme måltid i veka. Fokuset er på eit sunt og variert kosthald. Dette har òg ført til eit inkluderande barnehagemiljø og at pedagogane er tettare på borna. Denne nye bruken av fastvikarressursen fordrar også at det ikkje vert sett inn vikar for det første fråværet kvar dag.

Praksisforteljing

Mange små barn startar hjå oss kvart år. Dette er historia om eit lite barn som starta hjå oss i fjor. I heile år har me sunge og gjort rørsleane til songen som er *Tryggheitssongen / Bli kjent-songen* vår. Denne songen blir fyrst introdusert for born og foreldre ein kveld FØR oppstart i barnehagen. Slik har dei noko kjent å kome tilbake til når dei startar i barnehagen. Borna er glad i songen og rørsleane.

I eitt-og to-års alder har borna lite språk, men dei kan bruke teikna til songen for å vise oss at dei vil synge. Det ser me ofte i kvardagen.

I januar skulle dette vesle barnet starte på ny base, fordi det skulle kome inn nye småbarn på småbarnsbasen. Barnet kan karakteriserast å vera forsiktig. På den nye basen er det eit yrande liv av større barn som leikar i det nye leikemiljøet der. Det er grønne kassar, tepper, plankar og leikedyr «overalt». Dei vaksne er til stades og tett på borna. Det nye barnet observerar leiken, men gjev ikkje uttrykk for noko.

Så skal me synge. Alle saman. Barnet sit framleis og observerar saman med den vaksne. Det er fleire nye songar for barnet. Men så kjem «tryggheitssongen» med teikn, og det vesle barnet gjer rørsleane med hendene sine og er ein aktiv deltakar i noko kjent. Barnet smiler og gjev tydeleg uttrykk for å høyre til i eit inkluderande barnehagemiljø. Den vaksne er til stades og heile tida møter det på kjenslene.

Barnet fekk no ei god oppleving av å høyre til og at den vaksne har vore der heile dagen, og møtt det på kjenslene sine. Det er psykisk helsefremjande. Slik jobbar me i Gaupne barnehage.

Gamlestova barnehage og avdeling Veitastrond



Barnehagen er ei pedagogisk verksemd med tradisjonar og eigenart. Den skal byggje på eit heilheitleg læringssyn. Det vil seie at personalet vurderer spontane og planlagde læringssituasjonar som like viktige for barna si utvikling og læring. I rammeplan for barnehagen (RP) finn ein formål og innhald for arbeidet vårt. Innhaldet skal vere allsidig, variert og tilpassa det enkelte barnet og barnegruppa. Sentrale omgrep er omsorg, leik, danning, læring, vennskap og fellesskap og kommunikasjon og språk.

Tal born 2019/20

96 plassar haust 2019 / utviding til 102 plassar f.o.m. mars 2020.
73 barn fordelt på 5 avdelingar (avdeling Veitastrond).

Tal stillingar 2019/20

18 årsverk og 25 tilsette totalt (avdeling Veitastrond)
8 pedagogiske leiarar og barnehagelærarar, alle har godkjent utdanning.
1 pedagogisk leiar og barnehagelærarar på dispensasjon (avdeling Veitastrond).

Hovudtema – Leikekompetanse / sosial kompetanse

Leik – er naturleg å ha fokus på når vi jobbar med psykisk helsefremjande leikemiljø. Kvar avdeling legg sjølve opp til korleis dei vil jobbe med det. Ein skal tenkje på kva leikemiljø ein tilbyr og som innbyr til leik, korleis organiserer vi dagen for å få tid til å leike, personal som har kunnskap om leik og vaksenrolla i leiken, vaksne som er pålogga og aktive saman med barna.

Inkluderande barnehagemiljø (System for styrka læring)

Inkluderande barnehage- og skulemiljø – ei satsing for å få til godt miljø for barna i bhg. Miljøet skal opplevast som fritt for mobbing og andre krenkingar som trakasering og diskriminering. Gjennomgang av «Handlingsplan for arbeidet med inkluderande barnehagemiljø utan mobbing og andre krenkingar». Lage årshjul for arbeidet med inkluderande barnehagemiljø.

Barnesamtalar:

Barn får anledning til å uttale seg om trivsel, vennskap og utfordringar. Desse samtalanene skal ein ha minst 1 gang i året som eit førebyggjande verkemiddel.

Utdrag frå nokre barnesamtalar (bussøvinga) – mars 2020:

- *Når eg blir sint. Teller eg til tre ; synger «når du blir så sint» å bli einige om at fleire kan vera same rolle (snakka om rolleleik).
Jente 5 år*
- *Me krangla av og til, men me blir venner att.
Gut 5 år*



- *Har det skikkeleg bra i barnehagen – fordi dei andre leika med meg.*
Gut 6 år
- *Å leike med gravemaskin m/gut (ute):*
«Eg er så glad i han, og han e glad i meg»
Gut 5 år

Psykisk helsefremjande barnehage

Eit engasjerande og spennande pilotprosjekt. Det er felles for alle barnehagane i Luster, og det skjer i samarbeid med STYD kommunikasjon. Fokus i prosjektet er å skape gode og utviklande barnehagemiljø som inkluderer alle, og utarbeide ei digital håndbok som sikrar at vi jobbar innafør Grunnlova, FNs barnekonvensjon, barnehagelova og rammeplanen for barnehage.

I psykisk helsefremjande barnehager er leiken den grunnleggande aktiviteten å navigere arbeidet etter. Det krev ein organisering og ein struktur som prioriterar barns rett og mulighet til leik. Det betyr at det må arbeides bevisst og systematisk med dei fysiske leikemiljøa i barnehagen. Det er heilt sentralt at ansattes kunnskap om leik og barns behov i leik blir retningsgivande og gjenspeglast i romma.

Me i Gamlestova barnehage har tatt eit val. Me har valt å prioritere leiken, og no kjem dette valet til syne i leikemiljøa våre.



FØR-bilete hjå 1-2 åringane

Stort bord og tripptrappstoler sentralt. Tilgang på leikemateriell er avgrensa



NO-bilete hjå 1-2 åringane

Bordet er skuva til ei anna side av rommet, og ein spennande møteplass er laga i og rundt Kuben.

Hafslo barnehage



Barnehagen vår skal vere ein god barnehage for barn, føresette og personale.

Vi tek vare på gode tradisjonar gjennom heile året.

Vi vektlegg eit godt foreldresamarbeid med ulike arrangement og treffpunkt gjennom heile året.

Hafslo barnehage skal vere med i utviklinga, vi deltek i forskning og øvingsopplæring. Satsingar i kommune, region og på landsbasis skal ha plass i barnehagen vår.

Tal born 2019/20

39 barn (54 plassar) fordelt på 3 avdelingar.

Tal stillingar 2019/20

10,8 årsverk og 13 tilsette totalt.

1 styrar, 3 pedagogiske leiarar og 2 barnehageleiarar, alle har godkjent utdanning.

Inkluderande barnehagemiljø

I Hafslo barnehage har vi fokus på at vi skal vere godt kjende, kjenne namn på dei andre barna og vere ilag på ein positiv måte. Vi skal ha vaksne som aktivt jobbar med å sjå kva som skjer, førebygge og sette i gang tiltak der det trengs.

Vi har stort fokus på trygge overgangar for barna, frå heim til barnehage (tilvenning i barnehagen), overgang til ny avdeling og overgang til skulen. Å vere trygg er grunnleggande for trivsel, lek og læring.

Vi har samarbeidd med STYD kommunikasjon og arbeid med det fysiske leikemiljøet vårt. Her starta vi ein prosess som vil fortsette framover utfrå erfaringane vi gjer. Vi har hatt fokus på dei vaksne si rolle i lek og omsorg for barn. Materieil frå m.a og www.tryggifjell, samt at lokale handlingsplanar har vore noko av det vi har jobba med.

I ein inkluderande barnehage skal det vere rom for ulikheiter og mangfald i barnegruppa, men også i personalgruppa. Vi har samarbeid med flyktningetenesta, NAV og andre for å kunne inkludere og rekruttere til arbeid i barnehagane.

ROM FOR LEIK I HAFSLO BARNEHAGE



Eit bilete kan seie meir enn 1000 ord,
likevel nokre ord:

venskap ro konsentrasjon

kreativitet tal rom og form

materialkunnskap fantasi

erfaring

språk og omgrep

Solvorn oppvekstsenter avdeling barnehage



Me vil at alle ved Solvorn oppvekstsenter skal oppleve meistring kvar dag. Meistring fører til motivasjon, engasjement, involvering, sjølvkjensle, trivsel, ro, interesse, nysgjerrigheit og glede.

For å oppnå våre overordna mål og ynskjer, er fylgjande avgjerande for oss:

- *alle skal verta sett og høyr*
- *alle har krav på støtte, hjelp, oppmuntring, trøyst og merksemd*
- *me skal ha tydelege vaksne og klare grenser - tydelege rammer skapar tryggleik*
- *fysisk aktivitet - gir grunnlag for sunn helse og livsstil*
- *respekt for kvarandre - ha blikkontakt og lytta til kvarandre*

Dette skal vera med å leggja eit godt grunnlag for god trivsel og positiv utvikling hjå alle ved Solvorn oppvekstsenter, elevane/ungane i si opplæring gjennom skule- og barnehagekvardagen og personalet gjennom sitt arbeid med elevane/ungane. Barnehagen jobbar med STYD kommunikasjon og psykisk helsefremjande barnehagar.

Tal born 2019/20

9 barn, 18 plassar

Tal stillingar 2019/20

5 tilsette fordelt på 3,35 årsverk inkludert administrasjon

1,7 årsverk pedagog

1,1 årsverk assistent

Inkluderande barnehagemiljø

Me har ommøblert avdelinga, bl.a. plassert dubloklossane i kasse på golvet, slik at fleire barn kan leika rundt. Det store bordet er bytta ut med to mindre, det eine med klaffar. På leike/kvilerommet har ungene tilgang til store og små klossar i tre, mjuke klossar, plankar, røyr, kassar o.l. Barna trivst med forandringane. Dei byggjer, konstruerer, utforskar og samarbeider.

Personalet har vore på kurs med tema vaksenrolla, relasjonar og leikemiljø.

Barnekonvensjonen skal vera med i alt arbeid me gjer, og me skal heile tida tenkja barna sitt beste. Psykisk helsefremjande barnehagar har tilsette som har kunnskap om barn sin rett til leik; viktigheita med leik og leiken sin eigenverdi. Personalet skal vera tilgjengelege i leiken, vera der barna er, vera ein støttespelar/delta i leiken ved behov, og ein skal kunna observera samspelet i leiken. Det skal leggjast til rette for leiken, og me skal gje barna tid og rom til

å leika utan for mange avbrøt. Barna skal få medverka, vera med å bestemma over seg sjølv og få prøva sjølv. Leiken skal vera den viktigaste aktiviteten for barna. Den er barna sitt språk, dei bearbeider, reflekterer og øver på relasjonar i leikesituasjonane. Me har hatt fokus på leikemiljøet både inne og ute.



Forteljingar frå praksis

Me opplever at barna er lenge i leiken, og at fleire barn er med i same leik.

Då me laga til korgar med mange ballar, byrja nokre av barna å laga ballmaskin av ballar, røyr, bøtter og stolar.

Den dagen me skulle flytta på eit bord, byrja barna straks å laga kontor med tastatur; stol til dataskjerm, caps på hovudet, og plutselig var det tre gutter som jobba på eit kontor.

Ein dag då me kokte egg til maten, vart ein eggekartong lagt på golvet. Den vart fort plukka opp til bruk i leiken. Barna ville ha fleire, så difor har personalet samla eggekartongar som er mykje i bruk.

Raude, fine dropsøskjer er også populære, både til byggje- og rolleleik. Putene på leikerommet vert mellom anna brukte til teater, til å byggja hus og til å ri på hest.

Me tykkjer det har vore positivt å jobba med udefinerbart leikemateriell og meir tid til leiken. Likevel har me fokus på aktivitetar me har gjort før som lesing, speling, teikning m.m. Barnehagedagen kjennest også rolegare, og det er god stemning både hjå barn og personale.



Indre Hafslo oppvekstsenter avdeling barnehage



I Indre Hafslo barnehage har me dette året litt ulike tema på dei to avdelingane. Begge avdelingane legg vekt på korleis me er mot kvarandre og samhandling med dei rundt oss. Perle (1-4 år) jobbar med Hakkebakkeskogen og Bruse (5-6 år) jobbar med «meg sjølv saman med andre» (vennskap). I tillegg så arbeider me mykje med språk. Me knyter tema språk opp mot hovudtemaet vårt og nyttar bøker, sangar og forteljingar knytt til tema.

Fysisk aktivitet har også stort fokus på Indre Hafslo. Me har utedagar på begge avdelingar, aktivitet i gymsalen, ski- og akeaktivitet på vinteren og bading i Lustrabadet. Me legg stor vekt på uteleiken i barnehagen og går mykje tur i nærmiljøet.

Me har og fokus på involvering og at barna får medverknad. Alle aktivitetar skal vera slik at barna kan ta del. Progresjon er også viktig i arbeidet vårt. Gjennom barnehagetida skal barna erfare ei utvikling av arbeidsmåtar, utstyr og opplevingar.

Tal born 2019/2020

27 born og 36 plassar.

Tal stillingar 2019/2020

6,50 årsverk fordelt på fem pedagogar og fem assistentar.
Alle pedagogane har formell utdanning.

Leikemiljø – psykisk helse og livsmestring i barnehagen

Me har som dei andre barnehagane i kommunen samarbeidd med Line Melvold og STYD kommunikasjon om å utvikle leikemiljøet i barnehagen. Me har endra på det fysiske leikemiljøet og jobba mykje med barns beste. Alle i personalgruppa har sett seg inn i FN sin barnekonvensjon. Det er viktig å bevisstgjere personalet på den viktige rolla dei har i samhandling med barna.

«Psykisk helsefremmande barnehagar skal ha ansatte som har kunnskap om barn sin rett til lek, leiken sin betydning og leiken sin eigenverdi i barnet sitt liv», seier Melvold.

Praksisforteljing

I Indre Hafslo barnehage har me som nemt fokus på fysisk aktivitet. Me har faste utedagar på kvar avdeling. Utedagane bruker me blant anna på uteområdet i skogen der me har ulike aktivitetar. Me har ulike fysiske aktivitetar, leikar og me lagar mat på bål, grue, eller på omni i lavo. Me går tur i nærområdet til barnehagen og fjellturar i området. Om vinteren driv me på med aking og skiaktivitet viss me har snøforhold til det.

Me prøver og å knyte temaet vårt som har fokus på vennskap og samarbeid til utedagane. Me har fokus på å hjelpe, oppmuntre eller heia på kvarandre i ski- og akebakken, vente på kvarandre når me er ute på tur og gler oss saman over meistring.



Jostedal oppvekstsenter avdeling barnehage



Hjartet
i bygda

Jostedal oppvekstsenter er «Hjartet i bygda». Me vil gje borna i Jostedalen ein trygg og lærerik oppvekst der dei kjenner personane og miljøet rundt seg så godt at dei tør å vere opne for samfunnet og verda rundt seg og har med seg eit solid fundament av kreativitet, kunnskap, nysgjerrigheit, sjølvstende, sosiale evner og relasjonar som gjev dei høve til å utvikle talent og interesser i ei verd som endrar seg stadig raskare.

Tal born 2019/20

24 plassar, ei (utvida) avdeling.

Tal stillingar 2019/20

5,63 årsverk og 6 tilsette totalt

3 pedagogiske leiarar og barnehagelærarar, alle har godkjent utdanning.

Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBOS):

Personalet har i fagøkter jobba med vaksenrolla, tidleg mobbeåtferd, observasjonsmetodar og leikemiljø for at alle barna skal føle seg sett og inkluderte i kvardagen.

Arbeid med språk

Høgtlesing av bøker gjer me på ulike måtar gjennom heile året.

- «Boka mi»: Uansett alder har alle barna med si eiga bok heimefrå fordelt gjennom året. Barnet som har med boka, fortel kva boka handlar om og deretter les den vaksne høgt for gruppa. Dette gjer me både inne og ute på tur.
- Bokprosjekt med dialogisk lesing som metode. Barna jobbar med utvalde ord og framstiller deler av handlinga i boka på ulike praktiske måtar som vert stilt ut i barnehagen.

Praksisforteljing: Ut på tur med bok og skattekiste i sekken



Ein haustdag pakka me sekken med niste, bok og skattekiste. Barna var klare på at turen skulle gå inn til Dansarøy, eit område med skog, bekker, mark og evjesand. For å komme dit, må me gå langs attgrodd veg, myr, stein og mose.

Bål vart kveikt, og alle samla seg for å sjå kva bok som gøymde seg i sekken. Og mest spent var dei på kva som kunne vere oppi skattekista?.



Boka var «Da mamma var indianar», og skattekista var full av fjær og ansiktsmåling. Og då var leiken i gang... No vart Dansarøy omgjort til Indianarland: hytte av kvistar vart bygd, vår eigen indianar-dans vart laga, røyksignal frå bålet vart sendt ut, og me kunne høyre indianar-hyla lang veg. Alle var inkludert i leiken, og alle var like viktige for «Indianarlandet» vårt!

Luster oppvekstsenter avdeling barnehage



Vår visjon er: Ein god stad å vere, leike og lære. Me vil ruste våre barn til å møte framtida med sjølvtilitt, leikekompetanse, medansvar og løysingsfokus.

Viktige utviklingsområder for barnehagen i tillegg til lesing, skriving og rekning, er arbeidet med Barns rettar og livsmeistring. Hausten 2019 gjekk me inn i eit kommunalt samarbeid med STYD (Stolt og Ydmyk) ved Line Melvold. Me har også fått to COS-sertifiserte tilsette (Circle of Security).

Tal barn og avdelingar 2019/20

23 barn på to avdelingar, 18 + 18 plassar. Alder 1-6 år.

Løvetann: 9 barn

Søtekruse: 14 barn

Tal pedagogstillingar 2019/20

3,6 årsverk inkludert administrasjon

Tal stillingar 2019/20

7,36 årsverk inkludert administrasjon og funksjonar

Barns rettar og livsmeistring

IBOS (Inkluderande barne- og skulemiljø):

Vennebussen: kven likar du å leike i lag med? Samtale to gonger pr år, ca haust og vinterferie i forkant av foreldresamtalane. Stort fokus på vaksenrollen. Alle tilsette har vorte kursa i COS-metodikken.

COS (Circle of Security):

To sertifiserte i vår barnehage har helde kurs for alle tilsette på personalmøte og planleggingsdager. Dei vaksne skal vere: Større, sterke, klokare, god



Psykisk helsefremmende barnehagar:
Felles kursdagar med STYD og Line Melvold i løpet av året. Alle tilsette har lese faglitteratur om emnet. T.d. barnekonvensjonen som har vore eige satsingsområde i barnehagen i haust.

Mykje fokus på leiken sin plass i barnehagen og særleg vaksenrolla (gjerekompetanse). Fokus på barnets beste og at aktivitetar skal gi mening for barnet (oppleving av samanheng).

Fysiske leikemiljø: Me vart utfordra på kva ungane møter/ser når dei kjem inn i barnehagen. Resultatet vart at me har kjøpt inn noko nytt utstyr og inventar, endra på det me har, samt utvikla enda meir medvitne vaksne.

Praksisforteljing

Frode (4,9) år sovna i kvilestunda, noko han sjeldan brukar å gjera. Når han vaknar, har han verken lyst til å stå opp eller gå ut til dei andre barna. Bestevennen hans er ikkje i barnehagen, og den vaksne tenkjer at han er lei seg på grunn av det. Han får lov å ligga inne på sofaen mens den vaksne vaskar gjer litt praktiske oppgåver.

Etter dette byrjar dei så smått med påkledninga, men den blir stadig broten av med spørsmål og samtale. Kva er klokka, kor lenge er det til frukt o.s.v. Frode har truleg ikkje lyst til å gå ut. Så kjem Even (4 år) inn fordi han må på do. Når Even er ferdig, spør han: «Frode, skal me leika i lag når du kjem ut?». Frode tenkjer seg litt om før han svarar: «Har du ingen å vera med?». Even svarar: «Nei, eg vil leika med deg». Det kjem eit lurt smil frå Frode før han svarar «Javel, eg må berre skunda meg og kle meg først».

Dette er to gutar som ikkje pleier leika så mykje saman, men denne dagen leikar dei saman resten av dagen. Begge har jobba med mellom anna *Kule krabatar* det siste året. *Kule krabatar* er eit pedagogisk opplegg som øver barna til å ta imot og å invitere til leik og kontakt.

Skjolden oppvekstsenter avdeling barnehage



Skjolden oppvekstsenter avdeling barnehage ønskjer å gje barna eit godt tilbod, der leiken og den gode barndomen har ein sentral plass. Me skal ha respekt for kvarandre og naturen. Me ønskjer at dei vaksne skal legge til rette for att alle barna kan oppleve glede og meistring i eit leikande fellesskap. Me skal ha omsorg for kvarandre og skape eit fellesskap der det er nulltoleranse for mobbing og utestenging.

Barna skal få eit positivt sjølvbilde og lære at det er ein samanheng mellom fysisk aktivitet og psykisk helse. Me vil vere bevisst på barnas ulike uttrykksformer og tilrettelegging for medverknad på måtar som er tilpassa barna sine behov, alder, erfaring og individuelle føresetnader.

Me ynskjer å leggja grunnlaget for livslang læring, der samarbeid og gjensidig respekt er viktig. Foreldresamarbeidet skal vere til det beste for barnet. Gode overgangar frå barnehage til skule er eit felles samarbeidsområde i kvardagen.

Tal born 2019/20

13 barn i alderen 0–6 år, ei avdeling

Tal stillingar 2019/20


3,75 årsverk fordelt på fire stillingar. Me har ein fagarbeidar som jobbar 40% på dispensasjon for å oppfylle pedagognorma i barnehagen.

Inkluderande barnehagemiljø

Barnehagen har vore med på den fellessatsinga til Luster kommune med Line Mevold og STYD. Personalet har vore på kurs, og me hatt leikemiljø som tema på personalmøta. Me har utarbeida kriterium på korleis me skal kommunisera med kvarandre i garderoben, ved matbordet, i leikesituasjonar osb. Me har spesielt hatt fokus på leikemiljøet til barna. Inne på avdelinga har vi skapt eit nytt leikemiljø der me har bytt ut borda med kube og kassar. Midt i rommet har me eit leiketorg med leiker som stimulerer til kreativitet; kassar, klossar, brikker med meir.

Praksisforteljing – livet ved sjøen

Barnehageåret 2019/20 har me valt oss ut eit tema som skal følgje oss gjennom heile året; «Livet i og rundt fjorden». Me har nærleik til vatn og strond, og har gode høve til å oppsøkje dette.




I haust brukte me mykje tid på strondi i små grupper. Me hadde med bøtter og spadar, og utforska kva som fanst ved strandkanten. Me henta tang og steinar som vart plassert i akvariet vårt. Gjennom året har barna fått jobba med ulike materiale, då me har laga ting som lever i fjorden.

I februar månad har me alltid ein vinterfest i barnehagen. Me har i mange år knytta eit aktuelt tema opp mot denne festen, slik at dagen høyrer inn i ein større samanheng. Valet i år vart enkelt, me måtte ha ein strandfest. Barn og vaksne troppa opp med solbriller, solhattar, shorts, solkjole, badering, handduk m.m.. Me ønskjer ikkje å skape noko kjøpepress – anten så lagar me enkle kostyme i barnehagen eller så skal ein kunne finne noko i heimen. Medan barna kledde seg om til ein dag på «strondi», ordna nokre i personale til eit bademiljø inne på avdeling. Dagen fall i smak, både hos små og store. Det er alltid kjekt med eit lite avbrekk i kvardagen, som det å gå på strondi i februar.



Oppvekstsenteret har fokus på berekraftig utvikling. Det fall naturleg å ha ein liten samtale med barna om at det ikkje var lov til å kaste søppel på strondi vår. Barna var opptekne av at fiskane kan få plastikk i magen, og at dei kan dø. Litt seinare på våren skal me ha ryddedag, og då er det naturleg at me også ryddar langs strondi.

Hafslo barne- og ungdomsskule



Vår visjon er:

**Me står saman for ein trygg oppvekst
i eit aktivt og inkluderande læringsmiljø!**

Hausten 2019 utarbeida skulen ein pedagogisk plattform der skulen har definert verdiar, prioriterte mål og verkemiddel/metode. PALS med stikkorda ansvar, omsorg og respekt er viktige verdiar for barn og vaksne her hjå oss.

Å høyre til og å vere ein del av fellesskapet skapar tryggleik for elevane. Ved skulestart i august skal alle elevar forplikte seg til å medverke aktivt til at mobbing ikkje skjer på skulen. Elevane skriv under på eit manifest og plakaten skal henge synleg i klaserommet. Punkta på manifestet er: eg er ein god ven, eg passar på at ingen går åleine, eg tek ansvar for at alle har det bra, eg syner respekt for alle, eg stoppar mobbing og eg seier ifrå om mobbing.

Skulen vår er ein lærande organisasjon og me jobbar medvite med skulebasert kompetanseutvikling. Dei tilsette har god fagkompetanse og har kultur for tverrfagleg samarbeid.

HBUS er øvingssskule for Høgskulen på Vestlandet og har mange studentgrupper innom i praksis. Øvingslærarane er utdanna rettleiarar. Frå skuleåret 2020/21 skal skulen også vere lærarutdanningskule for HVL.

Tal elevar og klassar 2019/20

216 elevar og 11 klassar

1.-4. trinn 76 elevar

5.-7. trinn: 64 elevar

8.-10. trinn: 76 elevar

Tal lærarstillingar 2019/20

28,35 årsverk

7,37 årsverk assistent/miljørettleiar/merkantil

Arbeid med inkluderande skulemiljø

Inkluderande skulemiljø er i ferd med å bli godt implementert i den daglege drifta ved skulen. Mykje har kome via arbeidet med PALS, men det har også blitt eit ekstra fokus på tilrettelegging for elevar med ulike behov. Skulen har oppretta skulemiljøteam og samarbeider med ulike etatar gjennom dette teamet. Ein miljørettleiar har ekstra ansvar for oppfølging av skulemiljøtiltak og elevrådsarbeid. Elevrådet har mellom anna oppretta Trivselsvakter frå mellomsteget som rullerer på å skapa tryggleik i friminutta.



Alle tilsette har luer

Praksisforteljing – valfriheit gir inkludering og tilpassa opplæring

Eit gjennomgåande tema siste året har vore «motivasjon og elevmedverknad». Dette er noko som ikkje har fått god nok skår på elevundersøkinga. Dei tilsette har drøfta elevundersøkinga og jobba med ulike tiltak for å fremje motivasjon for læring. Konklusjonen er at skulen må vera meir praktisk retta og relevant for elevane sin kvardag. Dette passar også godt saman med STEAM-prosjektet me no er ein del av. I tillegg er pedagogane i full gang med fagleg oppdatering i samband med fagfornyinga. Teori og praksis må i større grad henge saman og undervisningsopplegga tilpassast der etter. Valfridom for elevane er viktig. Korleis vil du jobbe med oppgåvene du får? Kva for eit produkt vil du lage? Kva for verkemiddel treng du for å få til oppgåvene dine? Leik og læring heng saman for dei yngste elevane. Me har erfart at dette kan ein fint dra nytte av også for dei eldste. Det har vore meir tid til kreativitet, moglegheit for å skapa noko saman og åleine. STEAM har i løpet av hausten blitt ein del av bolplanlegginga.



Småskulen har på ulike måtar brukt leik og spel som metode for å drive med skulefag. Arbeidet med overgangen barnehage og skule er også ein stor del av arbeidet vårt. Kulturøker og leiketid saman er lagt inn i årsplanane. Å skapa trygghet er viktig for å få i gang eit godt læringsmiljø vidare.



Mellomtrinnet har i over ti år arbeidd aldersblanda ein gong i veka. Då jobbar dei tverrfagleg og nyttar høvet til å kople dei praktisk-estetiske faga saman med basisfag og digitale ferdigheiter.



Aldersblanding
«Glede andre»



Ungdomstrinnet har kome godt i gang med STEAM og praktisk undervisning generelt. Elevane har sett pris på meir valfriheit når det gjeld kva dei jobbar med og korleis. Det har vore oppussingsprosjekt av styrkerommet, teknologi og forskning i matematikkfaget, uteskule og samarbeidsoppgåver for å styrke klassemiljøet. På vers av klassane vart det også arrangert sjakkturnering. Eit døme på at eldre elevar kan bidra for dei yngre, er prosjektet med å bygge eit dokketeater med utsyr som skal nyttast av småskulen og SFO. 10. klasse har jobba med valfrie produkt i kunst og handverk, noko som mellom anna resulterte i heimelaga kjelkar til vinteren.



Gaupne skule



*Gaupne skule sin visjon er **Saman mot framtida**. Me er ein fleirkulturell skule med elevar frå 14 ulike nasjonar, og målet vårt er å skape ein skule der alle, både born og vaksne, syner respekt og omtanke for kvarandre og har nulltoleranse mot mobbing.*

Me er opptekne av å ha eit høgt læringstrykk og at alle elevar skal nå sitt faglege potensial ved å få oppgåver som gjev dei både meistring og utfordringar. Då treng elevane tydelege vanske med klare grenser og forventningar. Kulturell utfolding og fysisk aktivitet kvar dag er også ein viktig del av vår pedagogiske plattform.

Viktige satsingsområde for skulen er realfag, vidareføring av arbeidet med språk og etablering av skulebibliotek, læringsmiljø og førebuing til fagfornyinga.

Tal elevar og klassar 2019/20

140 elevar fordelt på 8 klassar

1.-4. trinn: 71 elevar

5.-7. trinn: 69 elevar

Tal stillingar 2019/20

18 lærarar fordelt på 14,29 årsverk

5 elevassistentar fordelt på 1,57 årsverk på SFO og 1,03 årsverk på skulen

1 miljørettlear tilsett i 0,62 årsverk

Arbeid med realfag

Dette skuleåret er me så heldige at me har fått prosjektmidlar frå Den naturlege skulesekken (DNS). DNS inngår som ein sentral del av den nasjonale satsinga som skal stimulere til berekraftig utvikling. Det overordna målet er å medverke til at elevane som framtidige arbeidstakarar får kunnskap og medvit om berekraftig utvikling og miljøutfordringane på kloden, og blir i stand til å forstå og utvikle løysingar på miljøproblema i dag og i framtida.

Ein annan del av skulen si realfagssatsing, er at me deltek i eit Erasmus+-prosjekt som heiter STEAM (Science – Technology – Engeneering – Art – Mathematics). Øvrige deltakarar frå kommunen er Luster ungdomsskule og Hafslo barne- og ungdomsskule. Partnerane våre kjem frå Irland, Kroatia, Portugal og Hellas. Prosjektet vert finansiert av EU-midlar.

Programmering kjem inn i dei nye læreplanane i matematikk og naturfag som vert gjeldande frå august 2020. Som ei førebuing til dette, tek ein av lærarane våre vidareutdanning i programmering dette skuleåret. I tillegg skal lærarar og elevar på 6. trinn delta på kurs i programmering som ein del av «Den teknologiske skulesekken». Kursa skal gjennomførast av VilVite. I samband med desse, får skulen eit gratis sett med programmeringsutstyr.

Praksisforteljing

7. klasse har hatt fleire STEAM-prosjekt. Rett før jul hadde dei eit tverrfagleg prosjekt i naturfag, matematikk og kunst og handverk. Elevane vart delte inn i grupper på 3-4, og fekk følgjande oppgåve:

Bygg eit hus av resirkulert materiale. Huset skal vera ein del av ein juleby som me skal stille ut i gongen. Inne i huset skal de kople til 1-2 lyspærer. Leidningane til lysa skal vera skjult frå utsida.

- 1 De skal lage ein plan for korleis huset dykkar skal sjå ut. Planen skal vise framsida på huset, kortsida på huset og grunnflata. Planen skal teiknast fint på eit ark og hengast på vegg. De skal teikne huset i faktisk storleik eller skalert 1:2. Bruk linjal.
- 2 Grunnflata skal vera maks 250 cm² og maks 30 cm høgt.
- 3 Skriv ned kva materiale de har tenkt å nytte på dei ulike delane av huset. De kan ta med materiale heimanfrå eller nytte ting me har på skulen.
- 4 De skal teikne eit koplings skjema som viser straumkrinsen til huset.
- 5 Gje planen dykkar eit namn. Til dømes: «Byggeplan for Villa Villekulla»

Ekstra: Dersom nokon er arbeidsledige kan dei lage andre ting som kan vera i julebyen. Til dømes; vegar, tre, dyr, lyktestolpar osv.

Elevane var svært motiverte og engasjerte i heile prosjektperioden og jobba hardt for at byen skulle bli klar til julefesten. Då foreldra møtte opp, synt dei ivrig fram sitt hus og demonstrerte korleis lysa kunne slåast av og på.



Luster ungdomsskule



Luster ungdomsskule (LUS) har eit solid og kunnskapsrikt personale. Me rekrutterer nye dyktige lærarar og jobbar for å få ein lærande kultur, med profesjonalitet i skulekvardagen.

Me er godt førebudde til arbeidet med nye læreplanar og fagfornyinga. I vidare arbeid med fagfornyinga nyttar me no UDIR sine modular. Djupnelæring, tverrfagleg arbeid, berekraftig utvikling, livsmeistring, folkehelse, medborgarskap, kompetanseomgrep med nytt blikk. Alle desse emna skal gjere oss betre rusta i å førebu ungdomane til den yrkesaktive kvardagen som ventar.

Me ynskjer å forbetre oss på desse områda:

- 1) Profesjonalitet på alle møtearenaer, i alle ledd*
- 2) Auka «VI-kultur» med fokus på rausheit*

Utover dette har me fokus på tilrettelagt opplæring for elevar med lese- og skriveutfordringar, fysisk aktivitet for elevane kvar dag, vidareføring av læring gjennom ungdomstrinn i utvikling samt skriving i alle fag. Det er viktig med ei praktisk, variert og motiverande læring. Me har også som mål å inkludere alle, og kvar elev skal oppleve meistring i kvardagen.

For å fylgja opp Luster kommune si satsing som språkkommune, så har me stort fokus på lesing og leseglede. Denne våren skal me, gjennom eit samarbeid med biblioteket, jobbe for å utvikle eit betre lesestimulerande miljø på skulen. Me har hatt eit særleg fokus på dette, ved å fylgje opp kartleggingsresultat med tiltak, særleg i forhold til gutar og lesing. Det er ekstra gledeleg å sjå at resultatata frå nasjonale prøvar går i rett retning. Det å ha god lesekompetanse er viktig for all vidare læring og studiar.

Samarbeid og tett dialog med heimen er ein føresetnad for god læring. Me har føresette som støttar opp om skulen sitt arbeid, dei har forventningar til elevane (læringstrykk) og dei hjelper elevane med skulearbeid. Dette kjem tydeleg fram i elevundersøkinga. Me har og felles fokus på dette med livsmeistring.

Tal elevar og klassar 2019/2020

125 elevar og 6 klassar

Tal stillingar 2019/20

19,13 årsverk (pedagogar) og 2,18 årsverk (assistentar/miljøterapeut)

Praksisforteljing

Utdanningsval-dag 31.januar

Me inviterte bedrifter i Luster til Utdanningsval-dag 31. januar 2020 med overskrifta; *Har du lyst å motivere ein av våre dyktige elevar på Luster ungdomsskule til å jobbe i akkurat di bedrift i framtida?*

Me vart overvelda over responsen og det vart ein utruleg kjekk dag saman med bedrifter, vidaregåande skular og Sogn opplæringskontor.



Utdanningsval skal gje elevane kompetanse i å treffe rett karriereval basert på eigne ynskjer og føresetnader. Utdanning, yrker og arbeid er hovudområder ein skal jobbe med. Denne UV-dagen hadde heile skulen utdanningsval dei tre første timane. Elevane fekk spørsmål dei skulle jobbe med, medan dei gjekk rundt på stand og hørte på foredrag.

Margunn Hillestad, frå personalm opna dagen med innføring i Luster kommune som arbeidsgjevar, kva typar arbeid som finnes og moglegheita for sommarjobb. Deretter gjekk elevane rundt på stand og snakka med ulike bedrifter, Sogn opplæringskontor, Sogndal vidaregåande skule og Firda vidaregåande skule. Det var kjekt og lærerikt å få eit innblikk i kva ein gjer på dei ulike arbeidsplassane.


9. og 10. klasse hadde etterpå eit foredrag med Firda vgs, Mo og Øyrane vgs (naturbruk), Sogndal vgs (idrett) og Sogn opplæringskontor. Bedriftene var utruleg positive og det var lærerikt med besøk frå vidaregåande skular og Sogn opplæringskontor.

Det er viktig for oss som jobbar i ungdomsskulen å halde fokus på eleven si livsmeistring og gjere dei budde til å gå over til vidaregåande skule. Ved å løfte fram alle dei mulegheitene me har i Luster kommune og skape dialog mellom ungdom og bedriftene, kan ein oppnå rekruttering og motivasjon for seinare val av yrke og arbeidsliv.

Utdanningsval, entrepenørskap, Lektor-2 deltaking, STEAM (Erasmus+-prosjekt) med fokus på tverrfagleg samarbeid i naturfag, matematikk og kunst- og handverk – alle desse faga / temaa er med å gjere elevane klare for nye yrke og ny kompetanse i framtida. Fokus er berekraftig utvikling i alle ledd.

Luster ungdomsskule ynskjer at alle elevane skal få oppleve ein slik UV-dag dei åra dei går på ungdomsskulen og at dei skal oppleve meistring og variasjon gjennom denne satsinga, og at dette kan føre til meir indre driv og motivasjon når det gjeld eiga læring.

Solvorn oppvekstsenter – avdeling skule



Vår visjon og pedagogiske plattform:

MEISTRING KVAR DAG

Meistring fører til motivasjon, engasjement, involvering, sjølvkjensle, trivsel, ro, interesse, nysgjerrigheit og glede.

For å oppnå våre overordna mål og ynskjer er fylgjande avgjerande for oss:

- *alle skal verta sett og høyr*
- *alle har krav på støtte, hjelp, oppmuntring, trøyst og merksemd*
- *me skal ha tydelege vaksne og klare grenser - tydelege rammer skapar tryggleik*
- *fysisk aktivitet - gir grunnlag for sunn helse og livsstil*

Dette skal vera med å leggja eit godt grunnlag for god trivsel og positiv utvikling hjå alle ved Solvorn oppvekstsenter, elevane i si opplæring gjennom skulekvardagen og personalet gjennom sitt arbeid med elevane.

Tal elevar og klassar 2019/2020

21 elevar og 2 klassar

1.-4. trinn: 14 elevar

5.-7. trinn: 7 elevar

Tal lærarstillingar 2019/2020

2,7 årsverk pedagog

Vidareutdanning 2019/20

Ein lærar tek vidareutdanning i engelsk

IBOS (Inkluderande barnehage- og skulemiljø)

I år har me jobba med ulike aktivitetar som høver for temaet i årshjulet. Aktivitetane for elevane har vore jamt fordelt på refleksjonsøker og praktiske øvingar/oppgåver.


Me startar kvart nytt tema med å klargjera omgrep og definisjonar før andre aktivitetar vert sett i verk. Då får alle elevane den same forståinga av temaa og kva me skal øva på i denne perioden. Me har ei eiga kolonne på vekeplanen, der det står kva som skal ha ekstra fokus gjeldande veke/periode. Elevane får av og til IBOS-arbeid som skal gjerast heime.



Personalet er, dette skuleåret, saman med to andre oppvekstsenter i kommunen med på eit samarbeidsprosjekt mellom HVL, Sogn regionråd og UiB kalla *KLAPP*. Det er eit opplæringstiltak for lærarar og andre skuletilsette om livsmeistring. Prosjektet skal bidra til meir kompetanse om korleis ein kan fremja skuletrivsel, godt læringsmiljø og god psykisk helse.

Praksisforteljing

Av praktiske aktivitetar dette skuleåret har dei eldste mellom anna laga masker av gips. Dette var ei god og engasjerande oppgåve der elevane skulle reflektera rundt temaet psykisk helse – at me alle har på «masker» i kvardagen og at me alle er ulike. Ei av oppgåvene i denne aktiviteten, var at dei skulle skriva små lappar med positive beskjedar til seg sjølve og lima på innsida av maska. Målet var at dei skulle gi seg sjølve ei god kjensle av at dei er gode nok som dei er. Ei god oppgåve, som me kjem til å gjenta fleire gonger.



Ein annan praktisk aktivitet me har gjennomført, er å laga egne «mobiltelefonar». Elevane lagde desse i høve temaet «Nettvet». Dei teikna sin eigen smartphone på stivt ark, som til slutt vart laminert. Då dei var ferdige, fekk alle skriva ei fin og hyggeleg melding til dei andre på eit lite ark og limte den fast på skjermen. Slik fekk alle gode og «snille» meldingar.

Indre Hafslo oppvekstsenter - avdeling skule



På skulen vår arbeider me systematisk med mellom anna inkluderande skulemiljø, språk, IKT og fysisk aktivitet. Me arbeider med å gjere alle elevar trygge i skulekvardagen. Dette gjeld naturleg nok med omsyn til generell trivsel, men òg med omsyn til at elevane skal kjenne seg trygge på at undervisinga og dei faglege utfordringane blir tilpassa kvar einskild.

Det er framleis grunnleggande å gjere elevane til aktive lesarar og medvitne på kor viktig språkbruken og språkleiken er.

Me ynskjer å utvikle elevane sine digitale ferdigheiter slik at dei får eit kritisk og nyansert blick på kva som møter dei i den digitale kvardagen. Me har uteskule for alle og legg opp til ei fysisk aktivitetsøkt kvar dag.

Tal elevar og klassar 2019/20

29 elevar, fordelt på tre grupper:

1.- 2. klasse:	9 elevar
3.- 4. klasse:	8 elevar
5.- 7. klasse:	12 elevar

Tal lærarstillingar 2019/20

Om lag 5,8 årsverk pedagogstillingar. Årsverka er fordelt på seks lærarar samt at rektor har undervising i ein del av si stilling. 0,83 årsverk fordelt på to assistent-/fagarbeidarar i skulen.



Arbeid med inkluderande skulemiljø

Arbeidet med det inkluderande miljøet er eit arbeid som oppvekstsenteret har prioritert både i barnehage og skule. Samarbeidet mellom einingane er ein sentral del av arbeidet, for å få løfta fram at vi først og fremst er eitt oppvekstsenter, og ikkje ein barnehage og ein skule som tilfeldigvis ligg nær kvarandre.

Som døme på dette samarbeidet kan vi trekkje fram at 5. klassingane ein gong i veka

les for nokre av borna i barnehagen, dei eldste i barnehagen har regelmessige besøk til 1. og 2. klasse ved skulen, og at barnehageborna er ein naturleg del av sosiale arrangement som blir arrangert i regi av skulen.

I skulekvardagen har vi avsett visse friminutt til aktivitetar der alle skal delta. Nokre gonger er det elevar som får ansvaret for å bestemme aktivitet for alle, andre gonger er det bestemt kven som skal vere saman i friminuttet, anten som ei fadder-ordning eller såkalla «venne-friminutt».

I arbeidet med det inkluderande skulemiljøet er det å lytte til elevar og føresette, samt skape gode arenaer for diskusjonar mellom dei tilsette, viktige tiltak. Det å kjenne at ein har medverknad er også eit viktig poeng, noko praksisforteljinga synleggjer.

Praksisforteljing frå vinteren 2019/20

Elevrådet har møte. Den første snøen har falle, og elevane ser fram til mykje moro i snøen. Lysta til å kaste snøball er stor, men skulen sine reglar gjer kasting på kvarandre umogleg. Kva med å setje opp ein snøballblink, føreslår ein elev. Og slik skal det bli.

Rektor kontaktar vaktmeister, som skaffar ei dugande treplate for føremålet. «Kanskje nokre av elevane kan ta arbeidet med å måle blinken?», spør vaktmeister. God idé!



Rektor kjøper inn måling, kontaktlærar får med seg klassen, og startar arbeidet. Fleire strøk med måling gjer at blinken skal kunne vare nokre år. Elevane står på for å fullføre blinken og gler seg til å ta han i bruk.

Tørking mellom strøka tek litt tid, og den første snøen har regna vekk når blinken til slutt blir montert mot skogholtet. Men det tek ikkje mange dagane før bakken ligg kvit på ny, og blinken blir teken i bruk. Eit synleg prov på samhandling mellom fleire for å skape eit miljø med fokus på inkludering og positiv aktivitet.

Jostedal oppvekstsenter – avdeling skule



Jostedal oppvekstsenter er «Hjartet i bygda». Me vil gje borna i Jostedalen ein trygg og lærerik oppvekst der dei kjenner personane og miljøet rundt seg så godt at dei tør å vere opne for samfunnet og verda rundt seg og har med seg eit solid fundament av kreativitet, kunnskap, nysgjerrigheit, sjølvstende, sosiale evner og relasjonar som gjev dei høve til å utvikle talent og interesser i ei verd som endrar seg stadig raskare.

Tal elevar og klassar 2019/20

28 elevar og 2,4 klassar

1.-4. trinn: 15 elevar (3.trinn er utan elevar)

6.-7. trinn: 13 elevar (5. trinn er utan elevar)

Tal stillingar 2019/20

4,28 årsverk pedagog, 0,5 årsverk assistent/miljørettleiar

Inkluderande skulemiljø

I den regionale satsinga på Inkluderande skule- og barnehagemiljø (IBOS) har personalet i skulen og barnehagen gjennom oppgåver i personalmøte og plantid jobba særskilt med *vaksenrolla*. Korleis møter EG barn med respekt og reell innleving? Kva for tankemønster (hos meg sjølv) treng å utfordrast for at eg skal vere den vaksne eg ynskjer å vere i relasjonsbygging og møte med borna? Dette er eit varig utviklingsområde, men i denne perioden har me fått nyttig teoretisk påfyll både frå føredrag og bøker, og me har sett av tid til at dette stod ekstra mykje i fokus.

Praksisforteljing

Visjonen vår er jo «Hjartet i bygda», og kvart år har skuleelevane fleire framsyningar for bygdefolket frå scena på Samfunnshuset. Ei av desse er som ein del av 17.mai-underhaldninga. I 2019 var det som vanleg song frå alle elevane, både vårsongar, *Ja vi elsker* og *Nordmannen*. Men då det var klart for filmvising, fekk heile bygda seg litt av ei overrasking når det vart synt ein filmsnutt der det kunne sjå ut som elevane sperra av bygninga og alle i salen måtte bidra med å løyse oppgåver elevane hadde laga før dei fekk komme ut og drikke kaffi og brus. Escaperoom hadde komme til Jostedalen!

Dette var resultatet av eit prosjekt på mellomtrinnet der elevane var regissørar og hadde laga ei oppgåverekkje med tankenøtter og praktiske utfordringar som altså alle i salen måtte samarbeide om for å løyse oppgåva og få gå vidare med dagen på tradisjonelt vis. I prosjektet fekk elevane sin aktivitet og medverknad stå i sentrum på ein kreativ i motiverande måte. Me hadde generalprøve for den europeiske delegasjonen frå Erasmus+ Reception som var i Luster den veka, og gjennomførte då opplegget på engelsk. Det var ei kjekk oppleving både for gjestene og elevane!



Borna vert tidleg scenevante gjennom framsyningane for bygda - her er er barnehageborna med skulen og syng på 17.mai.

Luster oppvekstsenter – avdeling skule



Vår visjon er: Ein god stad å vere, leike og lære. Me vil ruste våre elevar til å møte framtida med sjølvtilitt, god fagleg ballast, medansvar og å vere løysingsorientert.

Viktige utviklingsområder for skulen i tillegg til lesing, skriving og rekning, er arbeidet med Fagfornyinga. Hausten 2020 kjem «Kunnskapsløftet 2020», og den har særleg fokus på psykisk helse, berekraftig utvikling, djupnelæring og tverrfagleg arbeid.

Tal elevar og klassar 2019/20

44 elevar og tre klassar (tredelt)

1.-4. trinn: 24 elevar

5.-7. trinn: 20 elevar

Tal lærarstillingar 2019/20

4,6 årsverk inkludert administrasjon og funksjonar

Fagfornyinga

I samband med ny læreplan frå hausten 2020, har me hatt fokus på fagfornyinga og kva det vil forandre i dei ulike fagområda. Me har kjøpt inn fagbøker, jobba med generell del og framover vil me sjå nærare på kva endring me må gjere i kvart einskild fag.

Djupnelæring, tverrfagleg arbeidsmåte, berekraftig utvikling og psykisk helse har fått ein eigen plass i den nye planen. Me har jobba mykje med både berekraftig utvikling og psykisk helse dei siste tre åra, mellom anna gjennom prosjekt i regi Den Naturlige Skolesekken og Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBOS), noko som har gitt oss eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet. Me jobbar litt tverrfagleg, både gjennom ulike prosjekt og på «uteskule», men vil sjå på potensialet for å utvide dette arbeidet. Djupnelæring er me også i gang med ved at me tek oss betre tid på dei større læringsmåla, og jobbar for å inkludere dei mindre målområda i same arbeid.

Praksisforteljingar



1.-4.klasse har gjennom heile skuleåret hatt fast uteskule annakvar torsdag. Då har me gått turar på ulike stadar i bygda, og me har lært oss mykje om lokal historie. Me har samtala om berekraftig utvikling og kor viktig det er å ta vare på naturen, og at me IKKJE kastar bås i naturen. Det har også vore mange fysikk-øker der me har arbeidd med matematikk, norsk og engelsk. Det er godt og lærerikt å komma seg ut av klasserommet av og til.



3.-4.klasse har jamlege «kodetimar». Då brukar med nettstadar som *kidsakoder.no* og *code.org*. Arbeidet med koding er spanande, men kan også vera utfordrande. Her må ein verkeleg bruka dei små grå for å sjå logikken i kodinga. Me har også brukt BeeBots for å læra oss enkel programmering.



Skjolden oppvekstsenter – avdeling skule



Visjonen til Skjolden oppvekstsenter er **Rom for alle – blick for den enkelte.** Alle elevane våre skal oppleve at dei har fagleg utvikling i eit trygt skulemiljø.

Tal elevar og klassar 2019/2020

28 elevar fordelt på tre klassar (tredelt)

1.-2. klasse 6 elevar

3.-4. klasse 9 elevar

5.-7. klasse 12 elevar

Tal lærarstillingar 2019/2020

5,3 årsverk fordelt på 6 pedagogar og rektor. 1 assistent som har 0,65 årsverk.

IBOS

Me vil at alle elevane skal bli sett kvar dag som enkeltindivid, men også korleis dei har det i samspel med andre i gruppa si. I personalgruppa har me diskutert og brukt barnekonvensjonen «Det beste for barnet», det sårbare barnet og barn som blir krenka.

I oktober hadde vi kveldsskule med elevar og foreldre tema var henta frå Barnekonvensjonen. Ved innføring av ny læreplan har vi jobba med IBOS på ulike måter. Vi har jobba med tverrfaglege tema livsmeistring, for at lærarane skal verta tryggare på sitt ansvar i forhold til elevane.

Eit godt klassemiljø er grunnleggande for å få til god læring, så lærarene har lest boka Inkluderande læringsmiljø. På personalmøte har vi drøfta ulike spørsmål og problemstillinger frå boka, for å lage felles reglar og rutinar for vår skule.

Praksisforteljing

Den naturlege skulesekken

Skjolden oppvekstsenter har jobba med prosjektet "Den naturlege skulesekken" i omlag eit år. Målet med «Den naturlege skulesekken» er å få skulane til å jobba meir med naturfag, samt fokus på klima og miljø. Alle ved oppvekstsenter har vore med på prosjektet.

Årleg plukkar klassane boss, og kvart år går me dei same rutene. I fjor gjekk me opp til Wittgenstein sitt hus, og allereie etter ein kilometer hadde me plukka så masse boss at me måtte setta frå oss sekkane. Det enda med fire fulle sekkar med berre plast. Då fann me ut at dette måtte me gjera noko med, og dermed blei me med på dette prosjektet.



For elevane var det viktig å fokusera på all plast, både den dei ser og den dei ikkje ser. Dei har grubla mykje over korleis ein kan redusera plast i naturen.

Det har vore mange diskusjonar, og dei har sett ulike filmar både på NRK og Youtube. Ein film handla om ei skilpadde med eit sugerøyr i nasen. Denne filmen gjorde så sterkt inntrykk på elevane, at nokre av dei gret. Det er skremmande korleis menneske kan øydelegga for naturen og dyra med bruk av plast.

Målet med det heile var å få elevane bevisste på plast i naturen, og kva tiltak ein kan gjera for å endra bruken av plast, samt kva tiltak som må til for å redusera bruken av plast.

Kva me kan gjera vidare, og funne ut at mykje av plasten her inne kjem frå bøndene sine rundballar. Plasten blir teken av vinden og slik spreiar den seg. Me ynskjer ein slags returordning for bøndene, men no har me sett at det skal kosta peng for bøndene å levera attende plast til SIMAS. Difor ynskjer me å leggja fram eit forslag til SIMAS, og kanskje til og med politikarane.

I butikken var det er mykje unødvendig plast rundt frukt og grønt, så elevane har starta med å hekle fruktnett.



Alle elevane er blitt mykje meir bevisste på bruk av plast no enn tidlegare.

– Dette har vore eit veldig viktig, og veldig lærerikt prosjekt både for barnehagen og for skulen.

Veitastrond skule



Veitastrond skule sitt overordna mål er å skape eit trygt, positivt og støttande læringsmiljø. Me skal syne ansvar, respekt og omsorg for kvarandre.

Viktige satsingsområder for skulen er, i tillegg til lesing, skriving og rekning, bruk av IKT i det pedagogiske arbeidet, samarbeid med Hafslo barne- og ungdomsskule (1 felles dag pr. veke), samarbeid med barnehagen, fysisk aktive elevar og tilpassa opplæring.

Med 7 elevar på 6 ulike trinn er tilpassa opplæring heilt sentralt i skulekvardagen. I tillegg er skulen godt utrusta med IPad, datamaskiner og smarttavle, og dette blir trekt inn som hjelpemiddel i alle fag og aktivitetar der det er naturleg.

Tal elevar og klassar 2019/20

7 elevar fordelt på 6 trinn.

Tal lærarstillingar 2019/20

2 lærarar fordelt på totalt ca. 1,3 årsverk + 1 t/v styrking tidleg innsats og 8 t/v assistent

Arbeid med språk

Mål: Å stimulere leselysta hjå barn og unge. Få barn til å verte gode lesarar. Styrkje samarbeidet og overgangen mellom barnehage og skule. Utvikle og oppretthalde eit godt samarbeid med oppvekstbiblioteket.

Når det gjeld satsing på språk, så har me bibliotektime kvar veke, der bibliotekar les for dei minste og dei største les sjølve. Då kan elevane låne bøker og få kyndig hjelp og rettleiing av bibliotekar. Elevane kan når som helst låne bøker utanom opningstida og, då registrerer dei bøkene elektronisk sjølve.

I tillegg har me bibliotekveke i mars, der me i samarbeid med biblioteket rettar fokus på litteratur i ei heil veke, med stillelesing, høgtlesing, bokmeldingar, lydbok og til slutt film frå ei kjend barnebok.

Så har me eit fast leseopplegg saman med barnehagen ein dag i veka, der dei eldste elevane les for barnehageungane.

Øvrig samarbeid med barnehagen

Ca. ein gong pr. måned har me skulemåltid for alle elevane samt førskulegruppa i barnehagen. Då kjem barnehageungane på besøk i skulen og et lunch saman med skuleelevane. Dei eldste elevane står for organiseringa.

Ein fast dag i veka er sett av til mykje felles aktivitet for småskuletrinnet og førskulegruppa i barnehagen. Då er førskulegruppa først på besøk i skulen, der dei sit i lag med dei yngste elevane og har ein «skuletime» saman.

Siste halvdel av dagen er ei økt med gym/fys.akt. i nærmiljøet. Det kan ofte vere ein tur, for eksempel til eit av uteområda, og ulike aktivitetar der. Eller ein nyttar seg av ein av dei mange turstiane i bygda, og kanskje får med seg ein av idrettslaget sine trimpostar.



Barnehagen og skulen har for øvrig to uteområde med lavvoar som er plasserte i ulike omgjevnader, eit ute ved Veitastrondsvatnet og eit anna lenger framme i bygda.

I tillegg er det barnehagen og skulen i samarbeid som står for programmet ved den årlege julefesten i desember. Dette er ei tilstelling som er open for alle, og som trekkjer både innanbygds og utanbygds gjester.